

# **Sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio frå 1970 til 2021**

*Ei studie av bygningane av lys av landskap, praksis og  
samfunnsmessige endringar*



Anna Tveit

Masteroppgåve i MUSKUL4590 – Museologi og kulturarv

Museologi og kulturarvstudier

30 studiepoeng

Vår 2021

Institutt for kulturstudier og orientalske språk

UNIVERSITETET I OSLO



# **Sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio frå 1970 til 2021**

*Ei studie av bygningane av lys av landskap, praksis og  
samfunnsmessige endringar*

© Anna Tveit

2021

Sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio frå 1970 til 2021. Ei studie av bygningane i lys av landskap, praksis og samfunnsmessige endringar.

Anna Tveit

<https://www.duo.uio.no/>

# Samandrag

Bygningar langs kysten er mindre dokumentert enn dei i innlandet. Særleg er det skrive lite om bygningar knytt til sjøfart og fiske, her omtalte som sjøbruksbygningar. I denne masteroppgåva i museologi og kulturarvstudier ser eg på nokre sentrale trekk ved utviklinga til sjøbruksbygningane i eit område etter 1970. Dette vert diskutert i lys av problemstillinga: “På kva måtar har sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio blitt forma ut frå faktorane landskap, praksis og samfunnsmessige endringar dei siste femti åra?” Eg ser på utforminga til dei fysiske bygningane og plasseringa deira i landskapet, og set dette inn i ein samfunnsendringskontekst. Med hjelp av statistikk og observasjonar prøver eg å identifisere sentrale trekk ved utviklinga av dei materielle eigenskapane til bygningane og posisjonane deira i landskapet. Desse elementa vert så diskutert i lys av endringa frå eit nokså tradisjonelt kystsamfunn i ein tidleg fase av mange endringsprosessar, til dagens moderne samfunn.

Livet langs kysten har gradvis bevegde seg vekk frå primærnæringane og sjøen som næringsgrunnlag. Det har blitt mindre direkte kontakt mellom sjøen og bygningane. Kaiforholda har blitt mindre tilrettelagt for å få båtar og last opp frå sjøen og inn i bygningane. Sjøbruksbygningane har jamt over blitt større og meir tilrettelagte for rekreasjon. Ofte er dei ein del av større utbyggingsprosjekt, gjerne med mange nokså identiske bygningar. Mange moderne sjøbruksbygningar har element som refererer til tradisjonelt sjøbruk, utan at desse elementa har nokon funksjon i dag. Samfunnsendingane og effektane dei har hatt på sjøbruksbygningane kjem fram på ulike måtar i diskusjonar rundt dei fysiske bygningane. Målet mitt er å bidra til ei betre forståing av kysten si kulturarv, og kva sjøbruksbygningane kan fortelje om korleis denne har blitt vidareutvikla og tilpassa dagens behov.

# Forord

Mange ganger i løpet av semesteret har eg vore usikker på om eg kom til å komme i mål med arbeidet til planlagt tid. Det har vore utfordrande å halde motivasjonen oppe, særleg sidan eg valte å stikke av frå smittefare og isolert hybelliv i Oslo, og heller skrive masteroppgåva heime i Sveio. Sjølv om dette var rett val for meg, har det betydd at eg ikkje har hatt tilgang til lesesalar og universitetsbiblioteket, og ikkje har møtt nokon i klassen dette semesteret. Situasjonen har ikkje vore optimal for arbeidsprosessen min, men eg svært glad for å fullføre prosjektet no.

Først og fremst vil eg gje ein stor takk til rettleiaren min, Ane Ohrvik, for svært konstruktiv tilbakemelding og god hjelp med retning og struktur. Utan henne ville truleg denne masteroppgåva ha enda på villspor. Takk til mamma og Gjertrud, som begge har haldt meg med selskap på registreringsturane mine, lest korrektur og tatt seg tid til å diskutere oppgåva mi med meg. Takk til pappa, som òg har lest korrektur. Og takk til resten av familien, som har oppmuntra meg og latt meg luften kjenslene mine om delar av oppgåva som var ekstra vanskelege å skrive. Særleg til Jon, som har bidratt til ein form for studentfellesskap som eg ikkje har hatt nokon annan stad dette semesteret. Til slutt vil eg takke Katrine, Julia, Ørjan og Morten, som har bidratt med god moralsk støtte, og har sørga for at eg har kome meg ut frå heimekontoret innimellom. All den gode støtta eg har fått har hjelpt meg med å halde motet oppe og ikkje gje opp.

*Anna Tveit*

*Juni 2021*

# Innholdsforteikning

Samandrag .....	V
Forord .....	VI
Innholdsforteikning .....	VII
1. Innleiing og problemstilling.....	1
Situering av prosjektet .....	1
Historisk bakgrunn .....	2
Covid-19-relaterte merknadar.....	6
3. Metode .....	7
Kjeldemateriale.....	9
Direkte observasjon .....	11
Induktiv tilnærming .....	12
Utfordringar .....	13
Behandling av data .....	14
Omgrep og kategorisering.....	15
4. Teori.....	19
Materialitet.....	19
Sjøbruksbygningar sin materialitet .....	23
Landskap.....	23
5. Analyse og diskusjon .....	26
Oversikt over sjøbruksbygningane .....	26
Bygningane i landskapet.....	27
Geografiske forhold .....	27
Bygningsmiljø.....	32
Materialitet.....	36
Storleik og opphaldsplass .....	38
Forhold til sjøen .....	39
Generell utsjånad .....	41
Manglande bruk .....	43
Samfunnsendringar .....	44
Endra næringsgrunnlag .....	44
Økonomiske forhold og utbygging .....	45
Endra byggeskikk.....	47

Oppbevaring av båtar .....	49
Rekreasjon og interesse for strandlinja .....	49
Linjer og punkt i landskapet.....	50
Kulturminnepraksis .....	51
6. Konklusjon.....	55
Litteraturliste .....	57
Vedlegg .....	62
Vedlegg 1: Utdjupande omgrepsforklaringar .....	62
Bygningstypar .....	62
Forhold til sjøen .....	63
Vedlegg 2: Liste over sjøbruksbygningar.....	65



# 1. Innleiing og problemstilling

I denne masteroppgåva i museologi og kulturarvstudier ønsker eg å undersøke kva som har skjedd med sjøbruksbygningane langs ein liten del av vestlandskysten etter 1970. Eg vil fokusere på Sveio kommune, ein nokså “typisk” kystkommune med lang kystlinje, der fiske og sjøfart tidlegare spelte ei viktig rolle. Denne rolla har blitt betydeleg mindre i nyare tid. Eg vil utforske problemstillinga: “På kva måtar har sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio blitt forma ut frå faktorane landskap, praksis og samfunnsmessige endringar dei siste femti åra?” Eg vil finne svar på problemstillinga gjennom tre delspørsmål: “Korleis har geografien forma plasseringa av sjøbruksbygningane?”, “Korleis har samspelet vore mellom materialitet og menneskeleg praksis?” og “Korleis har dei lokale og regionale samfunnsendringane påverka sjøbruksbygningane?” Sjølv om fleire av endringane eg diskuterer alt hadde byrja å skje før 1970, ser eg på dette som eit viktig vendepunkt i historia og utviklinga til Vestlandet. Endringar i næring, levesett og haldningar byrja å skje raskare rundt denne tida. Dette har ført til store endringar relatert til sjøbruksbygningane i området òg. Ein del av sjøbruksbygningane i Sveio er verna, eller i det minste dokumentert av kommunen, men dette gjeld først og fremst bygningar frå før 1900. Kommunen har dei siste åra jobba mykje med å få oversikt over og verne eldre bygningar i kommunen, men dette arbeidet er ikkje fullstendig. Målet mitt er å dokumenterer dagens situasjon og sentrale trendar innan utviklinga til sjøbruksbygningane. Eg håpar med dette å tydeleggjere måtane dei eldre sjøbruksbygningane og element av kulturarven etter dei lever vidare i notida, og har blitt tilpassa ei ny tid. Dette vil delvis bli synleggjort gjennom dei eldre bygningane som framleis er i bruk, men òg gjennom måtane nyare bygningar refererer tilbake til tidlegare tider.

## Situering av prosjektet

Dette er ei masteroppgåve om kystkultur og sjøbruksbygningar, som tek for seg kontinuitet og endringar i sjøbruksbygningar i ein vestlandskommune. Dette prosjektet er kulturhistorisk forankra, og ser på landskap, praksisar og samfunnsmessige endringar over tid. Oppgåva er inspirert av museologisk og kulturhistorisk teori knytt til landskap, materialitet og kulturhistoriske perspektiv, og vil spegle dette.

Det finst ein del litteratur som fokuserer spesifikt på arkitekturen til sjøbruksbygningar, då særleg naust. Her kan ein òg finne skildringar av naust i ulike delar av landet. Derimot er det vanskeleg å finne litteratur som går djupare inn på sjøbruksbygningar si rolle og innverknad i

konteksten deira, og kva trendar vi ser over tid når det gjeld utviklinga til desse bygningane. Noko litteratur som tek opp tematikk rundt livet, utviklinga og bygningane langs vestlandskysten er *Det norske landskapet* (2002) av Arne Lie Christensen, *Tilbake til røtene: Livet i Sveio-bygdene på 1800-talet* av Sverre Halleraker og *Vestlandets historie 1-3* (2006) redigert av Knut Helle. Dette er litteratur som på ulike måtar fortel om livet langs sjøen gjennom tidene. I denne studia har eg brukt denne litteraturen som orienterings- og kontekstlitteratur. Eg hentar viktige og nyttige perspektiv frå desse. Eg har vore oppteken av dei perspektiva som ser på kystkultur, sjøbruksbygningane sin funksjon i samfunnet, og folk sitt forhold til sjøen. Eg vil ta desse temaa og diskusjonane rundt dei vidare med eit kulturhistorisk perspektiv på utviklinga til sjølve sjøbruksbygningane. Dette er noko eg meiner har fått lite plass i tidlegare litteratur, og er eit viktig tema å ta opp. Mi primære situering er i materialitetsperspektivet, som eg vil komme tilbake til i teorien og analysen.

## Historisk bakgrunn

Historia til Sveio kommune kan i stor grad lesast gjennom dei mange sjøbruksbygningane langs kysten. Kommunen har rundt 300 kilometer med kystlinje, som strekk seg rundt nesten heile kommunen.<sup>1</sup> Som langs resten av den ytre vestlandskysten, busette folk seg primært i Sveio på grunn av dei moglegheitene sjøen baud på innan sjøfart og fiske. Samstundes måtte livet tilpassast til kystnaturen sine grenser og utfordringar.<sup>2</sup> Det er difor naturleg at sjøen, og då òg sjøbruksbygningar, gjennom alle år har vore svært viktig for at folk skulle vere i stand til å flytte på seg, skaffe mat og tene pengar.<sup>3</sup> Tradisjonelt dyrka folk i Sveio mat til eige bruk. Gjennom ein kombinasjon av jordbruk og fiske fekk bøndene tak i det meste dei trong.<sup>4</sup> Jordbruket var nokså stabilt, og sikra bøndene ei jamn inntekt. Dei aller fleste dreiv med kombinasjonsbruk, som òg var avhengig av fiske, og det var her det verkelege potensialet for inntekter låg.<sup>5</sup> Fisket var viktig både for sjølvforsyning og sal.<sup>6</sup> Sjøen var særleg viktig for å overleve fordi mange hadde busett seg på stader der jordbruket åleine ikkje var nok til å leve

---

<sup>1</sup> *Kulturminne i Sveio* (Sveio: Sveio kommune, 2016), 72.

<sup>2</sup> Arne Lie Christensen, *Det norske landskapet: Om landskap og landskapsforståelse i et kulturhistorisk perspektiv* (Oslo: Pax Forlag, 2002), 125.

<sup>3</sup> *Kystfolk: Sveibuar fortel om seg og sitt* (Haugesund: Sveio kystlag, 2010), 49.

<sup>4</sup> *Kulturminne i Sveio*, 13; *Kystfolk*, 38; Sverre Halleraker, *Tilbake til røtene: Livet i Sveio-bygdene på 1800-talet* (Haugesund: Sverre Halleraker, 2012), 22.

<sup>5</sup> Arne Lie Christensen, *Den norske byggeskikken: Hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid* (Oslo: Pax Forlag, 1995), 110-12.

<sup>6</sup> Nils Kolle og Anders Haaland, "Den sjøvende landsdelen," i *Natur og næring, Vestlandets historie 1*, red. Knut Helle (Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006), 145.

av, slik at det òg vart plass til fleire bruk i eit område.<sup>7</sup> Båt og tilgang til sjøen var viktig for å livnære seg, og dei aller fleste gardane hadde sjørettar og eige gardsnaust.

Folk dreiv først og fremst med småskalafiske til litt utpå 1800-talet. Det er då naturleg at det i størst grad vart bygd små, enkle naust. Nausta vart bygde alle stader langs kysten med brukbare hamneforhold. Kystlinja til Sveio er oppskoren av viker, fjordar, vågar og øyar. Dei ytre områda vernar områda innanfor noko mot storhavet. Dette har gjort det lettare å drive landbruk og fiske langs sjøen.<sup>8</sup> Mange stader er likevel for vêrharde til å vere gode hamner. Samstundes finst det mange gode og skjerma viker og vågar. Difor ligg sjøbruksbygningane knytt til dei gamle gardane ofte samla i dei beste hamnene, heller enn å ligge nærast mogleg garden. Der det ikkje var tilgang på ei god hamn, bygde ein gjerne langt oppe på land.<sup>9</sup>



Figur 1: Sjøbruksbygningane i Geitavika ligg langt oppe på land i er vêrhard vik. Foto: Forfattaren.

Det vart bygd mange ulike bygningar knytt til sjøfart, fiske og annan sjørelatert verksemd, særleg på 1800-talet. Denne perioden hadde stor fiskeaktivitet og folkeauke i området.<sup>10 11</sup> Sveibuane trong naust til å ha båten sin i, sjøbuer og sjøhus til oppbevaring av utstyr, salting av sild og annan aktivitet, og ulike spesialiserte eller kombinerte sjøbruksbygningar knytt til behova deira. Båtar, og òg då naust og andre sjøbruksbygningar, var noko folk langs kysten

---

<sup>7</sup> Ingvild Øye, "Landbruket i historisk lys," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1, red. Knut Helle (Bergen: Vigmstad & Bjørke, 2006), 117.

<sup>8</sup> Kolle og Haaland, "Den sjøvende landsdelen," 134.

<sup>9</sup> *Kulturminne i Sveio*, 71.

<sup>10</sup> Halleraker, *Tilbake til røtene*, 7.

<sup>11</sup> Halleraker, *Tilbake til røtene*, 24.

hadde eit svært nært forhold til.<sup>12</sup> Nausta var “garasjar” for båtane, og vart òg brukte til oppbevaring av fiske- og båtutstyr. For at båtane skulle vere lengst mogleg, var det viktig å oppbevare dei tørt og trygt mellom kvar bruk. Det var vanlegast å ha båtstøer, eller skrå ‘vegar’, der ein lett kunne få båtane på land. Det var ikkje vanleg med bryggjer og kaiar, som gjorde det vanskelegare å få inn båtane. Tilgang til sjøen og gode hamner var viktig for gardane. Dei som ikkje hadde direkte tilgang til sjøen, hadde ofte naust i gode felleshamner i nærleiken. Folk fiska til sal og eige bruk heile året, og sjøen baud på rikelege ressursar. Ulike fasar i Sveio si historie har resultert i ei auke i oppføringa av ulike bygningstypar. På 1800-talet vart fisket meir kommersialisert, og kunne i periodar gje store inntekter.



Figur 2: Tradisjonelle båtstøer opp til nausta i Vihovdevika. Foto: Forfattaren.

Med det store vårsildfisket på 1800-talet, kom det både mange fleire og nye typar sjøbruksbygningar i Sveio, inkludert store sjøhus til kommersiell drift. Vanlege naust var små og enkle, og desse skilde seg difor ut i landskapet.<sup>13</sup> Mellom 1808 og 1870 vart vårsildfisket ein så stor industri i området at alle arbeidsføre menn, og òg mange unge kvinner, var med på sildefisket i vintermånadane frå litt uti januar til rundt månadsskiftet februar/mars. Dei store mengdene sild i området Frå Karmøy til Bømlo i denne perioden resulterte i det fiskeriet i Noregs historie med flest deltakarar, med meir enn 50 000 menneske som deltok i og rundt sildefisket på det meste.<sup>14</sup> Dette fiskeeventyret var avhengig av bygningar som tente dei nye

<sup>12</sup> *Kystfolk*, 49.

<sup>13</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 134-51.

<sup>14</sup> Halleraker, *Tilbake til røtene*, 22-23.



behova. Særleg saltebuer, der fisken vart behandla og pakka i tønner, og bøkkarverkstadar, der tønnene vart laga, var essensielle for å gjere sildefisket og eksporten av denne silda mogleg. Det var òg stor etterspørsel etter stader å overnatte under vårsildfisket. Desse behova vart oppfylte både med kombinerte sjøhus og bygningar med éin primærfunksjon.<sup>15</sup>

Grunna kor godt ein kunne tene på vårsildfisket (gjerne meir enn ei årsløn på få veker), og på grunn av den gode plasseringa i forhold til fiskefelta, var det mange som flytta til Sveio i denne perioden. Mellom 1801 og 1865 auka folketalet i Sveio med 150 prosent.<sup>16</sup> Ikkje alle sjøbruksbygningane som vart bygde i denne perioden var direkte knytt til sildeindustrien. Med stor folkevekst, følgde det naturleg stor bygningsvekst, òg i form av nye naust for tilflyttarane. Den rike tilgangen på fisk gjorde at det var nok ressursar i området til å dele gardane opp i fleire bruk.<sup>17</sup> Sidan alle trong sjøtilgang, vart det bygd nye naust for alle dei nye gardane. Sjøen kan reknast som ei “utmark” for gardane, som aldri gjekk tom for ressursar, og gjorde det mogleg for mange å bu på og leve av eit relativt lite område.<sup>18</sup>

Fram til 50-/60-talet, hadde folk i Sveio levd nokså uendra slik dei hadde gjort i fleire hundre år, med sjøen som viktigaste leveveg. Levemåten vart sakte modernisert og tilpassa nye behov over tid.<sup>19</sup> <sup>20</sup> Landskap og bygningar var knytt til produksjon.<sup>21</sup> Naust var sentrale i dette landskapstilpassa produksjonssystemet.<sup>22</sup> Utover 1900-talet skjedde det store endringar i levesettet i Sveio, og på resten av Vestlandet. Det gjekk sakte men sikkert mot færre og større gardar.<sup>23</sup> Etter 1950 gjorde nye reiskap at ein kunne fiske meir effektivt og ikkje var like sesongavhengig som tidlegare. Dette førte til meir storskalafiske og mindre kombinasjonsdrift på gardane. Bøndene bevegde seg bort frå mangesysleri og bytehandel, mot spesialisert drift og butikkhandel.<sup>24</sup> Fram til bilkøyring vart det mest praktiske alternativet i siste halvdel av 1900-talet, reiste dei fleste sjøvegen.<sup>25</sup> Den historiske konteksten er viktig for å forstå dei endringane som har skjedd i nyare tid. Eg vil sjå på korleis samfunnet og sjøbruksbygningane har endra seg vidare frå dette jordbruks- og fiskesamfunnet, frå 1970 og fram mot dagens

---

<sup>15</sup> *Kulturminne i Sveio*, 71-75.

<sup>16</sup> Halleraker, *Tilbake til røtene*, 24-31.

<sup>17</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 284.

<sup>18</sup> Øye, “Landbruket i historisk lys,” 115.

<sup>19</sup> *Kystfolk*, 18.

<sup>20</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 256.

<sup>21</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 233.

<sup>22</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 18.

<sup>23</sup> Oddbjørn Bukve, Arild Aurvåg Farsund og Jørgen Amdam, “Næringsliv og sysselsetjing i vår tid,” i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1, red. Knut Helle (Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006), 304.

<sup>24</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 162-170.

<sup>25</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 143.

moderne samfunn. Det er i dette historiske endringsfeltet prosjektet mitt er plassert. Eg er interessert i å sjå på sjøbruksbygningane si kulturhistorie gjennom dei siste femti åra.

## Covid-19-relaterte merknadar

Litteraturen eg har hatt tilgang til har blitt påverka av pandemien i at eg har hatt mindre tilgang til bibliotekbøker enn eg normalt ville hatt. Både for å sleppe å vere isolert i Oslo, og for å kunne gjennomføre feltarbeid i løpet av skriveprosessen utan å måtte reise mykje, har eg opphalde meg på Vestlandet under heile vårsemesteret. Eg har difor ikkje hatt tilgang til universitetsbiblioteket si fysiske samling, berre den digitale. Fordi prosessen med å låne bøker har vore komplisert i denne perioden, og fordi det ikkje var praktisk å kjøpe all litteratur eg trong, har eg i stor grad nytta faglitteratur som var tilgjengeleg digitalt. Det meste av faglitteratur har berre vore tilgjengeleg som fjernlån, og denne tenesta har vore utilgjengeleg delar av våren på grunn av smittefare. Dette påverka vala mine av tekstar og utelukka ein del relevant litteratur. For del meste klarte eg likevel å finne gode alternativ som var tilgjengelege digitalt. Eg har derimot hatt svært god tilgang til lokallitteratur. Sidan eg har opphalde meg i området denne oppgåva handlar om, har eg i dei periodane lokalbiblioteket har vore ope hatt tilgang til lokale kjelder som er tilgjengelege få andre stader.

### 3. Metode

Målet mitt var å få eit komplett oversyn over sjøbruksbygningane innanfor eit område og viktige karakteristikkar ved desse bygningane, og undersøke korleis desse har endra seg i løpet av dei siste femti åra. Ved å dokumenter alle sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio, med grunnleggjande informasjon om bygningstype, omtrentleg alder, plassering og utforming, kan eg seie noko meir om korleis samfunnet lokalt har endra seg fram mot i dag og korleis sjøbruksbygningane speglar dette.

Eg har først og fremst arbeidd kvalitativt, men med innslag av det kvantitative. Hammersley, her sitert av Brannen, skildrar skiljet mellom dei to metodane med at “qualitative research uses words while quantitative research uses numbers”, “the former focuses on meanings while the latter is concerned with behaviour”, “the former relies on an inductive logic of inquiry while the latter utilizes the hypothetic-deductive method” og “qualitative research lacks quantitative research's power to generalize.”<sup>26</sup> Han argumenterer vidare at desse distinksjonane ikkje er like klare i praksis. Eg har fokusert på å finne betydning, men gjennom talfesting. Det er då ikkje eit klart skilje her. Metoden må tilpassast det individuelle forskings-spørsmålet som skal utforskast, og treng ikkje nødvendigvis å vere reint kvalitativ eller kvantitativ. Tilnærminga er til dømes avhengig av om det er behov for å vise kor mange gonger noko skjer, og om ein prøver å seie noko generelt eller spesifikt om det ein undersøker.<sup>27</sup> I mitt tilfelle kombinerer eg statistikk med utforsking av eit historisk perspektiv, og fokuserer på meiningane som ligg bak form og endring i bygningane. Eg har ei primært induktiv tilnærming (som eg vil komme tilbake til seinare), og vil seie både noko generelt om dagens situasjon og komme med spesifikke observasjonar om stader og bygningar innanfor forskingsområdet mitt. Er ser på mykje meir enn det som kan målast; eg oppsøker, observerer, og bruker ulike kjelder til å setje ting i samanheng og finne koplingar. Dette er først og fremst ei kvalitativ studie, der eg ser på detaljar ved kvar enkelt bygning, men kvantifiserer og set empirien i system ved å sjå på mange bygningar innanfor dei same kategoriane. Slik studerer eg ikkje berre studerer enkelttilfelle, men kan sjå trendar og avvik innanfor eit område.

Ein fordel med å kvantifisere, eller talfeste, eit fenomen, er ifølgje Andersen at “det å kunne måle et fenomen ved å bruke tall er særskilt effektivt for å gi fenomenet en status som

---

<sup>26</sup> Julia Brannen, "Working Qualitatively and Quantitatively," i *Qualitative Research Practice*, red. Clive Seale et al. (London: SAGE Publications, 2004), 3.

<sup>27</sup> Gisle Andersen, “Teoretisk rammeverk, metode og empiri,” i *Parlamentets natur: Utviklingen av norsk miljø- og petroleumspolitikk (1945-2013)*, (Oslo: Universitetsforlaget, 2017), 3.

‘reelt’.”<sup>28</sup> Dette er relevant i denne studia, fordi det er vanskeleg å seie noko generelt om tilstanden til sjøbruksbygningane i Sveio ved å sjå på nokre få representative bygningar, eller ved komme med påstandar om den generelle tilstanden utan å ha tal som underbygger desse påstandane. Ved å talfeste tilstanden til ulike typar bygningar, eller bygningar i ulike miljø, kan desse presenterast som reelle fenomen basert på data. Det er samstundes viktig å understreke at talfestinga ikkje oppfyller den kvantitative metode sitt krav til vidare representativitet, for å kunne seie noko om forholda utanfor Sveio. Eg er derimot interessert i dei spesifikke forholda i Sveio, ikkje ei vidare generalisering, slik den kvalitative metoden har som mål. Talfesting kan her hjelpe til med å få fram viktige trekk ved den lokale utviklinga.

Opphavleg var planen å sjå på heile Sveio kommune, men det viste seg å bli svært omfattande berre å ta for meg vestkysten av kommunen, med nesten tusen sjøbruksbygningar. Eg har difor avgrensa området til vestsida for å gjere det overkomeleg. Dei to sidene av kommunen har òg ganske ulike geografiske forhold, med vestsida open mot Nordsjøen, med berre øya Bømlø som vern mot ope hav, medan austsida ligg inne i ein fjord. Det geografiske skiljet, og vestsida si nærleik til skipsleia og hovudfeltet til vårsildfisket gjorde det difor naturleg å setje eit skilje her og ta for meg ei side. Det vart likevel svært omfattande og tidkrevjande å få oversikt over bygningane. Eg kunne sjølvsagt ha avgrensa meir, men var interessert i å sjå på forholda i eit størst mogleg område. Sidan sjøbruksbygningar er eit område som er nokså lite forska på, var eg interessert i å dokumentere og undersøke mest mogleg, ikkje berre for dette prosjektet sin del, men fordi eg meiner at dette er eit viktig område å få oversikt over og jobbe meir med. Riksantikvaren ser på det som viktig å ha oversikt over alle kulturminna som finst i kommunane, sjølv dei som ikkje er sett på som viktige i dag. Dette verdisynet endrar seg over tid, og bygningar som ikkje vert vurderte som kulturminne i dag, kan bli det i framtida. Dokumentasjon av det som finst av bygningar er difor ikkje berre viktig i denne samanhengen, men kan påverke korleis folk i framtida ser og forvaltar desse bygningane.<sup>29</sup>

Eg har samla inn informasjon i to fasar: Først med å gjennomgå heile kystlinja digitalt, ved å sjå på og samanlikne historiske og nye flyfoto, og sjå på registrerte bygningar. Så ved å fysiske oppsøke bygningane og fotografere dei. Eg valte å bruke heilt konkrete kjelder, både i dei fysiske bygningane og flyfotoa. Slik er det i stor grad bygningane i seg sjølv, og bygningane i den konteksten dei finst i, som vert tolka direkte, i staden for andre sine tolkingar av dei.

---

<sup>28</sup> Andersen, “Teoretisk rammeverk, metode og empiri,” 69.

<sup>29</sup> *Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering* (Oslo: Riksantikvaren, 2013), 6, <https://www.riksantikvaren.no/veileder/handbok-for-lokal-registrering-av-kulturminner-og-kulturmiljoer/>.



## Kjeldemateriale

Først gjennomførte eg eit registreringsarbeid basert på det ten Have omtaler som “natural documents”, som omfamnar alt av skriftlege og visuelle kjelder som er eit naturleg produkt av si tid, med eit formål som ikkje er knytt til det spesifikke prosjektet mitt.<sup>30</sup> Eg har særleg nytta to hovudgrupper med arkivmateriale, som begge er tilgjengelege i systemet Askeladden; Riksantikvaren sitt kulturminneregister. Oversikta over bygningar er laga ved å gå systematisk gjennom historiske flyfoto av heile kystlinja som er med i dette prosjektet. Eg brukte grunnkartet i Askeladden, med bygningar og eigedomsnummer teikna inn, som utgangspunkt. Opp mot dette samanlikna eg historiske bilete frå 1969/1970, som er dei eldste som er tilgjengelege i systemet, med dei nyaste bileta av høg kvalitet, frå 2016/2017.

Ut frå dette laga eg ei Excel-liste med alle sjøbruksbygningane i geografisk rekkefølge, frå kommunegrensa i sørvest og nordover (vedlegg 2). Ifølgje Pink, finst det ikkje nokon faste reglar for korleis ein bør organisere empirien ein samlar inn, og det er svært avhengig av kor mykje data det er, og korleis det skal analyserast.<sup>31</sup> Eg hadde bruk for eit system der eg lett kunne sortere og søke i materialet, og visualisere ulike kategoriar med fargekodar. Med ei svært lang liste med informasjon om mange hundre bygningar, var det ei naturleg løysning å legge alt inn i Excel. Systemet mitt gjer det lett å finne fram til bygningar i lista ut frå kor dei ligg, og lettare å sjå trendar i ulike område enn om eg til dømes hadde sortert lista etter gards- og bruksnummer. Bruksnummera fortel om rekkefølgja eigedomane vart skilt ut frå hovudgarden, og er ikkje geografisk ordna. Det var difor meir praktisk å liste bygningane etter den fysiske rekkefølgja deira i landskapet.

Seymour og Summerlin meiner at arkivfoto kan vere ei god kjelde til informasjon om område som har fått lite merksemd i andre historiske kjelder.<sup>32</sup> Dette er relevant for dokumenteringa av sjøbruksbygningar, som er dokumentert delvis i andre kjelder, som kommunale register, men der det er store hol i kunnskapen om dei. Flyfotoa frå 1969 og 1970, som er tatt rett ovanfrå og dekkjer heile Sveio kommune, kan seie mykje om bygningar og miljø som det ikkje er lett å finne annan historisk dokumentasjon for. Digitaliserte fotoarkiv, som dette er, kan ha “untapped potential as historical and cultural landscape evidence”. Ei utfordring med

---

<sup>30</sup> Paul ten Have, “Natural Documents,” i *Understanding Qualitative Research and Ethnomethodology* (London: SAGE Publications, 2004), 2.

<sup>31</sup> Sarah Pink, “Visual Methods,” i *Qualitative Research Practice*, red. Clive Seale et al. (London: SAGE Publications, 2004), 16.

<sup>32</sup> Michael W. Seymour og Peter R. Summerlin, “Evidence and Deception: A Historic Photo-Analysis Method for Landscape Studies,” *Landscape Journal: Design, planning, and management of the land* 36, no. 2 (2017): 91.

fotografi som kjeldemateriale, kan vere, som Goldstein påpeiker (sitert av Seymour og Summerlin), at fotografen eller andre alltid har tatt ei vurdering av kva dei ser på som viktig å fotografere, og kjeldematerialet er naturlegvis avgrensa av dette.<sup>33</sup> Sidan fotoarkivet i Askeladden dekkjer heile kommunen og alt er teke frå det same perspektivet, utan å gje noko prioritet, ser eg på dette som ei så nøytral og fullstendig kjelde som det er mogleg å få, og som fungerer godt som ei sentral kjelde i dette prosjektet.

Widerøes skråfotoarkiv frå 50- og 60-talet derimot, er mykje meir subjektivt.<sup>34</sup> Bileta er oftast av tettstader og gardstun. Sjøbruksbygningar har ikkje blitt like prioriterte. Eg vurderte difor dette arkivet som ei ueigna hovudkjelde for registreringsarbeidet mitt. Likevel er desse bileta mykje betre kjelder til detaljinformasjon om bygningane enn bileta i Askeladden, både fordi dei er skråfoto, og fordi dei er tatt nærmare og har høg oppløysning. Bileta frå Widerøe er òg noko eldre. Eg nytta difor desse som supplerande kjelder nokre stader. Der ting var uklare på bileta frå 1970, der eg trong ei meir presis datering, eller der eg hadde andre spørsmål som desse bileta kunne svare på. Ifølgje Borchert, er det viktig å bruke fleire ulike historiske kjelder; både fotografi og andre dokument, for å kunne “free themselves from sole reliance on any single source or type of source”.<sup>35</sup> Der dette var praktisk eller naudsynt, forsøkte eg å kryssjekke informasjon mellom fleire kjelder.

Først noterte eg det som var mogleg å lese ut frå bileta i Askeladden: Kva bygningar som fanst, eller som det var spor etter rundt 1970, og kva bygningar som finst, eller som det finst spor etter i dag. Eg noterte òg omtrent kva slags bygning det er eller var, basert på form, storleik og plassering. Eg nytta òg tilgjengelege bilete frå mellom 1970 og i dag til å innskrenke byggedatoen for nyare bygningar mest mogleg. Bilete frå etter 2016/2017 vart òg nytta der ting var uklart på bileta eg bruker som hovudkjelder, eller dersom eg hadde grunn til å tru at noko hadde endra seg i nyare tid (til dømes at grunnkartet og dei nye bileta ikkje stemde overeins). Desse nyaste bileta har lågare kvalitet og er vanskelegare å sjå detaljer på. Eg nytta dei difor berre der det var naudsynt. Digitale biletarkiv inneheld mykje informasjon som ikkje er utforska fullt, og kan fortelje mykje om landskaps- og bygningsutvikling.<sup>36</sup>

Den andre kjelda til informasjon eg nytta i Askeladden var registreringar av bygningar. Desse kunne vere ein del av SEFRAK; Riksantikvaren si liste over bygningar frå før 1900, registrert

---

<sup>33</sup> Seymour og Summerlin, “Evidence and Deception,” 93-95.

<sup>34</sup> Nasjonalbiblioteket, “Widerøes skråfotoarkiv,” besøkt 6. juni 2021, <https://www.nb.no/nbdigital/wideroe/>.

<sup>35</sup> Seymour og Summerlin, “Evidence and Deception,” 92.

<sup>36</sup> Seymour og Summerlin, “Evidence and Deception,” 93.

i Sveio på 90-talet,<sup>3738</sup> eller kommunale registreringar av verneverdige bygningar frå både før og etter 1900, som er registrert i løpet av dei siste ti åra. Desse registera gjev ein del konkret informasjon om kor gamle bygningane er og kva dei blir eller har blitt brukt til, der dei som registrerte bygningen hadde kunnskap om dette. Registreringane er ei kjelde til meir sikker, og litt annan, informasjon enn den eg kan kome fram til ved å sjå på flyfoto eller dei fysiske bygningane. Sidan alle bygningar frå før 1900 i teorien er registrerte i SEFRAK, kan eg anta at alle bygningane som ikkje er SEFRAK-registrerte er frå etter 1900.

## Direkte observasjon

Etter å ha laga eit førsteutkast til lista over sjøbruksbygningar, og fått oversikt over bygningane si plassering og kva spørsmål eg hadde, gjekk eg ut for å sjå på bygningane. Eg nytta direkte observasjon, der eg observerte bygningane i miljøet sitt, heller enn å rekne med at eg kunne finne ut alt eg trong å vite frå andre kjelder. Riksantikvaren påpeiker at skriftlege kjelder ofte er skapte for særskilde administrative formål, og skildrar fordelane med direkte observasjon slik: “De fysiske sporene etter levd liv utgjør derfor både et supplement og et korrektiv til de skriftlige kildene.”<sup>39</sup> Eg har studert dei fysiske forholda, slik dei står som eit resultat av naturlege prosessar. Dette kan sjåast som “a more direct and unmediated access to reality – to observe how things ‘really are’.”<sup>40</sup> Det er ingen andre som har fortalt korleis ting er. Observasjonane er i staden basert på det som *finst* i verda. Dette gjorde òg at eg kunne undersøke dei spesifikke tingane eg lurte på. Eg tok egne bilete, så eg ikkje var avhengig av andre sine bilete og skildringar. Slik var eg òg sikker på at eg hadde oppdatert informasjon om bygningane sin tilstand. Dette kan gjerne verke unødvendig omfattande for eit relativt lite prosjekt. Likevel vurderte eg dette som den enklaste måten å sørge for at eg hadde mest mogleg rett og oppdatert informasjon om heile området. Slik kunne eg dra slutningar basert på dei faktiske forholda. Den nær fullstendige lista mi gjer det mogleg å sjå ting som ikkje kjem fram med å til dømes berre sjå på dei listeførte bygningane i området.

For å lett kunne finne fram til spesifikke bygningar, la eg inn gards- og bruksnummer på alle bileta av bygningar i Google Foto, slik at eg kunne søke etter bygningane. Som med lista over sjøbruksbygningar (vedlegg 2), gjekk eg for eit enkelt, men eigna system. Målet var å gjere

---

<sup>37</sup> Riksantikvaren, “SEFRAK-registeret,” sist endra 2. november 2020, <https://www.riksantikvaren.no/les-om/sefrak/>.

<sup>38</sup> *Kulturminne i Sveio*, 172.

<sup>39</sup> Riksantikvaren, *Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering*, 6-7.

<sup>40</sup> Mats Alvesson og Dan Kärreman, “Fieldwork Techniques and Mystery Creation,” i *Qualitative Research and Theory Development: Mystery as Method* (London: SAGE Publications, 2011), 9.

det lettast mogleg å finne fram til den informasjonen eg trong. Eg organiserte biletarkivet og bygningslista slik at dei kan informere og utfylle kvarandre. Det er lett å finne fram til den informasjonen eg treng ved hjelp av nummerering og kategoriar.<sup>41</sup>

Eg oppdaterte Excel-lista med informasjon om dei einskilde bygningane etter kvart som eg fotograferte dei. Etter å ha oppsøkt bygningane, kunne eg seie noko nokså sikkert om bygningstype, bruk, stand og fysisk utforming. Det er sjølvsagt ikkje mogleg å seie sikkert korleis ein bygning blir brukt, eller korleis han er utforma innvendig, utan å snakke med dei som bruker han. Innanfor grensene til denne oppgåva var det derimot ikkje mogleg å snakke med alle eigarane. I staden har eg valt å la bygningane snakke for seg sjølv.

## Induktiv tilnærming

Ein viktig del av registreringsarbeidet var å avgjere kva eg egentleg ville finne ut, og kva informasjon eg trong for å kunne svare på spørsmåla eg hadde. Eg visste at eg ville finne ut noko om samanhengen mellom sjøbruksbygningar og sosioøkonomiske endringar i samfunnet fram mot i dag. Dei mest opplagte faktorane for meg å sjå på vart då bygningstype, alder, om dei har endra bruk eller form sidan 1970, kva bygningar som har forsvunne dei siste åra, kva slags bygningar som har blitt bygde, og kva stand dagens sjøbruksbygningar er i. Eg lôt vere å starte frå eit hypotetisk perspektiv, med ein klar teori om kva eg kom til å finne, for så å la empirien underbygge eller gå imot dette, i tråd med ideane frå den vitskapleg dominerande hypotetisk-deduktive metoden.<sup>42</sup> I staden ville eg gå inn med eit opent sinn og notere mest mogleg om kvar bygning. Eg ville i minst mogleg grad la mine eksisterande tankar om bygnings- og samfunnsutviklinga forme empirien. Eg er her inspirert av den induktive metode, der empiri vert nytta som eit utgangspunkt for å forme teori, i tråd med Eisenhardt sitt syn på at “Theory emerges through intimate contact with empirical materials, and through the frictions and tension between and within various data sets.”<sup>43</sup> Teorien og analysen min er altså forma av kva som dukka opp i empirien, og som vekte interesse med tanke på trendar, gjentaking, motsetnadar eller variasjon. Slik kunne eg sjå mønster som ikkje var opplagt for meg å sjå på då eg byrja arbeidet. Sjølv om eg var inspirert av den induktive metoden, hadde eg òg nok forkunnskap om temaet før eg byrja registreringa til å ha nokre tankar om kva eg kom til å finne og kva som var viktig å registrere. Likevel har eg prøvd å i minst mogleg grad

---

<sup>41</sup> Lynn Butler-Kisber, "Photographic Inquiry," i *Qualitative Inquiry: Thematic, Narrative and Arts-Informed Perspectives* (London: SAGE Publications, 2010), 4.

<sup>42</sup> Paul Knutsen. "Gjensyn Med Spørsmålet Om Metode." *Norsk Filosofisk Tidsskrift* 53, no. 4 (2018): 297.

<sup>43</sup> Alvesson og Kärreman, "Fieldwork Techniques and Mystery Creation," 2.

la dette forme prosessen, og heile vegen vore open for uventa funn. Knutsen påpeiker at ein forskar aldri vil vere heilt nøytral, og at “et åpent sinn ikke er ensbetydende med et tomt sinn. I en forskningsprosess må det naturligvis hele tiden foretas vurderinger og avveininger.”<sup>44</sup>

Den kunnskapen og teorien eg hadde med meg inn i prosessen har bidratt til korleis eg har tolka empirien, sjølv om resultata ikkje nødvendigvis vart det eg såg for meg då eg byrja.

For å opne for mange typar funn i empirien, tok eg med informasjon om bygningane sitt forhold til sjøen, dei geografiske forholda dei er plasserte i, forholdet deira til andre sjøbruksbygningar, storleik på dørene, veggmateriale, etasjar og tilbygg, og om dei har ein utvendig mekanisme til å heise opp båtar eller utstyr. Målet var å la bygningane fortelje si eiga historie. For å oppnå dette, måtte eg vite mest mogleg om dei. Det finst mange moglege vinklingar, så det er viktig å vere merksam på at det ikkje nødvendigvis finst ein fasit, same kor objektiv ein prøver å vere. Knutsen konkluderer med at “det finnes bestemte fakta, og det er mulig å tolke dem forskjellig.”<sup>45</sup> Sjølv om empirien består av relativt objektive fakta, betyr ikkje det at eg kan resonnerer meg fram til det eine rette svaret på kvifor ting er som dei er.

## Utfordringar

Ei utfordring med registreringa var at mange sjøbruksbygningar ligg inne i hagar eller nær bustadhus og hytter. Det var ei utfordring å prøve å unngå tydeleg private område, når mykje av strandsona er dekkja av dette. Som ten Have hevdar, kan feltarbeid vere ukomfortabelt, vanskeleg å gjennomføre som planlagt, og i stor grad avhengig av improvisasjon og å finne alternative løysningar.<sup>46</sup> Måtar eg løyste dette på var å ta bilete frå andre sida av vågar, viker og fjordar, eller gå ut på nes, ikkje-private brygger eller andre stader der eg kunne sjå bygningane utan å gå bort til dei. Å spørje grunneigarar om lov til å ta bilete kunne vert ei løysning i enkelttilfelle, men ville blitt for tidkrevjande og vanskeleg å gjere kvar gong.

Det var heller ikkje alle stader som er lette å køyre eller gå til. Eg satsa difor på å bruke båt i nokre problematiske område. Stader med mange sjøbruksbygningar samla, og stader der bygningane ligg langt frå bustadhus og hytter, var generelt uproblematiske å oppsøke til fots så lenge eg viste omsyn. Eg fekk likevel ikkje oppsøkt og fotografert heilt alle sjøbruksbygningane i området. Nokre bygningar på særleg private eller utilgjengelege stader, som var vanskelege å komme til med båt på grunn av avstand, vart eg nøydd til å gje opp.

---

<sup>44</sup> Knutsen, "Gjensyn Med Spørsmålet Om Metode," 206.

<sup>45</sup> Knutsen, "Gjensyn Med Spørsmålet Om Metode," 208.

<sup>46</sup> Paul ten Have. "Ethnography and Field Methods," i *Understanding Qualitative Research and Ethnomethodology* (London: SAGE Publications, 2004), 3.



Figur 3: Fotografering frå båt og til fots, avhengig av praktisk tilgang. Foto: Svein Magnus Tveit og Ellen Tveit.

Eg vurderte om det ville ha vore betre å oppsøke bygningane fysisk før eg laga den første versjonen av bygningslista, slik at eg hadde meir informasjon tilgjengeleg med ein gong. Det er mogleg at dette kunne ha gjort arbeidet meir effektivt, sidan eg ikkje hadde trengt å først lage ei liste som i stor grad var basert på gjetting og så oppdatere denne etter at eg hadde oppsøkt bygningane og hadde faktisk informasjon om dei. Hovudgrunnen til at dette vart gjort i motsett rekkefølge, var at det opphavlege dokumentbaserte arbeidet tok betydeleg mindre tid, særleg sidan fotograferinga var svært vêravhengig (og lite praktisk å gjennomføre om vinteren, då det var snø og is, og ueigna å ha båt på sjøen). Det var viktig å få på plass ei omtrentleg liste slik at eg kunne komme vidare med arbeidet med ei generell forståing av både omfanget av prosjektet og kva slags resultat eg kunne forvente å finne.

## Behandling av data

Den omfattande informasjonen som finst i lista over dei nesten tusen sjøbruksbygningane kan brukast til å seie mykje om utviklinga og dagens situasjon. Eg har brukt desse dataa til å lese kontinuitet og brot i bruk og tradisjonar basert detaljane eg har registrert. Slik kunne eg ut frå dei fysiske bygningane lese faktorar i bygningen si utvikling fram mot i dag, og sjå dette saman med dei parallelle samfunnsendingane. Desse funna vil kunne bidra til å få ei betre forståing av ei lite dokumentert gruppe bygningar. Dei kan òg potensielt hjelpe lokale kulturminneforvaltarar med å identifisere område som kan vere vert å fokusere på. Den største utfordringa med den store mengda data var å velje ut kva som var relevant og interessant. Eg hadde samla inn for mykje informasjon til at det var mogleg å snakke om alle typane funn her. Eg måtte mellom anna prioritere vekk diskusjonar rundt dørtypar og plassering av dei, og sida av bygningane som ligg mot sjøen. Det var heller ikkje mogleg å diskutere alle interessante aspekt ved dei elementa eg har diskutert. For å finne fram til den statistikken som vert nytta i

analysen, har eg nytta filtreringsfunksjonen i Excel. Der er det mogleg å sortere etter ulike kategoriar og ytterlegare innan desse kategoriane. Slik har eg kunna talfeste ulike tendensar.

### **Omgrep og kategorisering**

Med sjøbruksbygningar meiner eg bygningar knytt til sjøfart og fiske, til oppbevaring av båtar eller til arbeid knytt til sjøfart og fiske. Eg avgrensar omgrepet bygningar som først og fremst har blitt brukte av private, til eige bruk eller større verksemd. Eg har ikkje teke med bygningar med meir allmenn bruk, som fyrtårn, sagbruk og butikkar, sjølv om dei er knytt til livet på sjøen. Kolle og Haaland definerer sjøbruk som “alle dei måtar folk brukte sjøen på for å skaffa utkomme.”<sup>47</sup>

I registreringa av bygningane (vedlegg 2) har eg kategorisert ulike aspekt ved kvar bygning. Stor variasjon i bygningane og variert natur har gjort det vanskeleg å ha heilt faste kategoriar som alt kan plasserast inn i. Kategoriane er difor omtrentlege. Eg har prøvd å nytte kategoriar som gjev meining i konteksten, slik at det heilskaplege inntrykket speglar røynda, sjølv om det er noko uklarheit på detaljnivå. I utgangspunktet var planen å fokusere på bygningstypar. Det viste seg etter kvart at det var vanskeleg å setje eit klart skilje mellom ulike typar, og at dette uansett ikkje nødvendigvis fortelte så mykje om sjølve bygningen. Eg har difor fokusert meir på dei materielle kvalitetane til bygningane, som kvar dei er plasserte, om dei er tilrettelagte for bruk av båt, storleik, og andre synlege faktorar. Eg ser ikkje heilt vekk frå bygningstypar, men dei vart mindre sentrale enn eg først hadde sett for meg.

Namn på bygningstypar vert brukte ulikt i ulike kjelder og samanhengar, og tyder ikkje alltid det same. Eg vil difor kort definere kva eg legg i dei ulike orda. Med ‘naust’ meiner eg relativt små bygningar som er store nok til å oppbevare ein båt i, og har ei dør ein kan få ein liten båt gjennom. Bygningar med meir tilleggs plass enn eit lite loft er ikkje rekna som naust. ‘Sjøhus’ nyttar eg om alle sjøbruksbygningar som er større enn eit naust, og har tilleggsfunksjonar i form av ein romsleg andre etasje, tilbygg med lagerplass eller anna. Dei må ha naustdør nede, elles har eg rekna dei som hytter eller bustadhus.

Forholdet mellom bygning og sjø er delt inn i tre kategoriar: ‘Båtstø’ er eit skrått område som bind saman bygningen og sjøen og er eigna til å dra båtar opp frå sjøen. ‘Kant’ er ein kant rett ned i sjøen frå døra til bygningen, ofte nytta for å kunne gå inntil med båt for å lesse inn og ut av bygningen, eller der det var for djupt eller upraktisk å bygge båtstø. ‘Kai’ er alle brygger, kaiar og område mellom bygningen og sjøen. Dersom bygningen ikkje har båtstø, og ikkje

---

<sup>47</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 135



ligg inntil sjøen, er det rekna som kai. Sjå vedlegg 1 for meir utfyllande definisjonar av bygningstypar og forhold til sjøen.



Figur 4: Sjøhus med vindehus og kant mot sjøen og naust med båstø i tettstaden Førde.. Foto: Forfatternen.




Figur 5: Ein kombinasjon av sjøhus og naust med kai, båstø, vindehus og kaikran. Foto: Forfatternen.

For å tydeleggjere båtane sine rørsler, har eg òg sett på kva (synlege) mekanismar som finst for å heise båtar og last opp på land. Eg nyttar omgrepa ‘vindehus’, og ‘kaikran’. ‘Vindehus’ er eit lite utbygg, i gavlen eller langsida, med eit vindehjul eller annan heisemekanisme. Det er store dører i ein eller fleire etasjar under vindehuset, der ein kan få inn og ut last,



tradisjonelt ofte fisk og tønner.<sup>48</sup> ‘Kaikran’ er ein heisemekanisme som er montert nær ein sjøbruksbygning, ved sjøkanten, men som ikkje er ein del av bygningen.

Geografi og miljø vart vanskelege å kategorisere. Mange bygningar grensar mellom kategoriar. For geografisk plassering har eg nytta ord som ‘vik’, ‘sund’, ‘våg’, ‘fjord’ og ‘poll’. Overgangane er noko glidane og uklare. Det viktigaste var å gje eit bilete av kor godt skjerma mot storhavet bygningane er. Slik eg har definert det, går ei vik litt inn, men er i liten grad skjerma mot havet utanfor. I eit sund er bygningane delvis skjerma av ei eller fleire øyer som ligg utanfor. Ein våg kan vere ei lang vik eller ein liten fjord. Det viktige er at dei til ei viss grad er skjerma mot kreftene frå storhavet. Fjordar skal i utgangspunktet ha ein grunnare terskel ved innløpet, men eg har vore konsekvent med dette. Går sjøen så langt inn i landet at området ikkje opplevast som direkte knytt til sjøen utanfor, har eg rekna dette som ein fjord, men overgangen mellom våg og fjord er uklar. ‘Poll’ minner om vågar og fjordar, men som har eit trangt innløp med terskel. Eg diskuterer fjordar og pollar samla, fordi bygningane begge stader ligg godt skjerma, og er tydeleg separate frå sjøområda utanfor.



Figur 6: Godt skjerma sjøbruksmiljø i Loknapollen. Det tronge innløpet er synleg til venstre. Foto: Forfattaren.

Miljøet til bygningane handlar om forholdet deira til andre bygningar. Sjøbruksbygningar finst i sjøbruksmiljø (som inkluderer nausttrekkjer), tun, eller ligg for seg sjølv eller saman med nokre få andre sjøbruksbygningar. Eit naust som ligg i ei vik langt frå bygningar og menneske har ein annan kontekst enn eit liknande naust i ei nausttrekkje i eit populært

<sup>48</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 114.

rekreasjonsområde. Bygningar frå same periode kan ha utvikla seg ulikt avhengig av miljøet rundt dei. Sjøbruksmiljø reknar eg som stader med fire eller fleire sjøbruksbygningar samla på ein stad. Naustrekkjer er òg sjøbruksmiljø, men er stader der bygningane står i tette og ryddige rekkjer. ‘Tun’ vil seie at bygningen ligg i observerbar nærleik til huset eller hytta han høyrer til. Sjøbruksbygningar som ligg åleine, saman med ein eller to andre eller spreidd i eit område med andre sjøbruksbygningar er felleskategoriserte som ‘spreidd plassering’.

## 4. Teori

### Materialitet

Den dominerande tilnærminga til å studere kultur har lenge fokusert på å *ord*, ikkje *ting*. Frå 60-talet og utover, oppstod det ei oppfatning av det materielle var passive einingar som berre fekk tilskrive betydning av det språklege.<sup>49</sup> Ting vart av mange sett på som overflatiske, som ein måte å kome fram til ei 'djupare' meining som ligg bakanfor objektet. Dette synet ser objekt som representasjonar av den fortida som skal analyserast, ikkje som analyseobjekt i seg sjølv.<sup>50</sup> Dei siste tiåra har mange akademikarar gått leie av og stilt spørsmål ved det språklege som hovudfokus for kulturhistorisk analyse. Det har blitt eit større fokus på innsikta det materielle kan gje om fortida og kulturen.<sup>51</sup> Store delar av historia er først og fremst er dokumentert med ting, og ting er difor ein svært konkret måte å få tilgang til fortida.<sup>52</sup> I tillegg til å vere nyttig der det ikkje finst skriftlege kjelder, kan materiell kulturarv òg nyttast for å støtte opp under eller verifisere mangelfulle eller misvisande kjelder.<sup>53</sup> Det har òg blitt eit større fokus på kulturminne i landskapet og den større konteksten dei står i. Utviklinga viser eit syn på bygningane som ei kopling til fortida og ein del av komplekse samanhengar.<sup>54</sup>

Materiell kulturarv består gjerne av spor etter levd liv frå alle delar av samfunnet, og kan difor hjelpe med å forme eit bilete av fortida.<sup>55</sup> Sjøbruksbygningane i Sveio er ikkje like godt dokumentert nokon annan stad som dei er i den fysiske verda. Eg kan difor lese noko mykje meir heilskapleg ut frå dei fysiske bygningane enn frå andre kjelder. Dei siste tiåra har det oppstått eit syn på at ein kan sjå objekt som sentrale i konstruksjonen av narrativ, der meining kan 'lesast' ut frå ei tekstualisering av objekta sjølv.<sup>56</sup> Eg vil prøve å lese dei lokale historiene som sjøbruksbygningane inngår i. Heller enn å fokusere på byggeskikken sin historie, er eg interessert i bygningane sin materialitet i landskapet og korleis dei er forma av historia.

---

<sup>49</sup> Tine Damsholt og Dorthe Gert Simonsen, "Materialiseringer: Processer, relationer og performativitet," i *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*, red. Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst (Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020), 10.

<sup>50</sup> Camilla Mordhorst, "Museer, materialitet og tilstedevær," i *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*, red. Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst (Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020), 123.

<sup>51</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Processer, relationer og performativitet," 10-13.

<sup>52</sup> Thomas J. Schlereth, "Material Culture Research and Historical Explanation," *The Public Historian* 7, no. 4 (1985): 23.

<sup>53</sup> Schlereth, "Material Culture Research and Historical Explanation, 33.

<sup>54</sup> Riksantikvaren, *Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering*, 9.

<sup>55</sup> Anne Burkhart, "Object Lessons: Thinking about Material Culture," *Art Education* 59, no. 2 (2006): 34.

<sup>56</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Processer, relationer og performativitet," 13-14.

Eg har nytta konseptet materialitet for å avdekke sjøbruksbygningane sine ibuande kvalitetar og forholde deira til menneske og samfunnet rundt. Materialitet ser på materiell kultur, eller fysiske objekt, som utgangspunkt for kulturanalyse. Dette feltet ser forbi dei fysiske kvalitetane til det materielle, til det bakanforliggjande sosiale forholdet mellom ting og menneske basert på desse fysiske kvalitetane.<sup>57</sup> Burkhart skildrar materiell kultur slik: “Material culture includes all past and present human-made and human-altered forms”, og skildrar det som viktig å studere materiell kultur, eller materialiteten til objekta, fordi “they are pervasive and they embody and perpetuate ideas about cultures, regions, religions, nations, and individual and collective identities.”<sup>58</sup> Dette peiker på noko unikt ved materiell kultur, som kan opne for mye tankar og diskusjonar om verda, og viser òg til kor viktig det materielle er for kulturen det er ein del av.

Materiell kulturarv kan tilby ei innsikt som vi ikkje finn andre stader og fortelje oss mykje om tidlegare samfunn som ikkje visast i andre kjelder. Grier reflekterer desse tankane om materialitet som noko som kan gje stor innsikt, ved å hevde at målet med å studere materialitet er å avdekke unike perspektiv på samfunns- og kulturhistorie ved å sjå på ting og korleis dei har oppstått, kven som har brukt dei og korleis dei har blitt brukt.<sup>59</sup> Vi kan sjå på materialitet som ein heilskapleg måte å analysere det materielle, som innlemmar kultur, noko som ofte har blitt sett på som ikkje-materielt, i det materielle.<sup>60</sup> Materialiteten til ein bygning er då dei fysiske eigenskapane og det dei kan fortelje om bruk og kultur. Ordet *materialisering* kan nyttast som eit verb for å uttrykke ei aktiv tolking av ordet, som tydeleggjer samspelet mellom objekt og kulturelle forhold.<sup>61</sup> Når eg snakkar om materialisering av bygningar, meiner eg då at bygningane opnar for perspektiv som gjer det mogleg å tolke dei som ein del av ein kulturell prosess og ein større kontekst.

Å ‘lese’ objekt er komplisert. Det er ikkje alltid mogleg å finne nokon klar orden og logikk i funna.<sup>62</sup> Ein kan ikkje nødvendigvis forvente å lese seg fram til eit eintydig svar. Appadurai meiner at for å finne den ekte historia til ting, må ein ”follow the things themselves, for their meanings are inscribed in their forms, their uses, their trajectories. [...] from a methological

---

<sup>57</sup> Saphinaz-Amal Naguib og Bjarne Rogan, red., *Materiell kultur & kulturens materialitet*, (Oslo: Novus forlag, 2011), 10.

<sup>58</sup> Burkhart, "Object Lessons," 33.

<sup>59</sup> Katherine C. Grier, "Culture Made Material," *American Literary History* 8, no. 3 (1996): 552.

<sup>60</sup> Naguib og Rogan, *Materiell kultur og kulturens materialitet*, 313.

<sup>61</sup> Astrid Jespersen og Torben Elgaard Jensen, “Tidens materialisering: Alment praktiserende lægers håndtering af tid,” i *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*, red. Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst (Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020), 197.

<sup>62</sup> Jespersen og Jensen, “Tidens materialisering,” 183.

point of view it is the things-in-motion that illuminate their human and social context.”<sup>63</sup> Sjølv om Appadurai er oppteken av objekt sine mobile biografiar, meiner eg at dette òg er eit nyttig konsept for å sjå på rørsler gjennom tid. Ved å analysere den fysiske materialiteten og rørsleane til tinga gjennom tid, kan vi sjå korleis form og funksjon heng saman med konteksten dei har bevegde seg gjennom, og kva dette betyr sett opp mot resten av samfunnet.

Ifølgje Naguib og Rogan, finst det ikkje ein fasit på kva eit objekt betyr. Ein bygning kan bety ulike ting avhengig av korleis konteksten og brukarane endrar seg og kven som tolkar han, og kan endre seg avhengig av tid og stad.<sup>64</sup> Meininga kan endre seg mange gonger gjennom livsløpet til bygningen.<sup>65</sup> Bygningen sjølv set rammer for realistiske tolkingar av materialiteten og har ein ”iboende motstand mot tilfeldige tolkningar.” Ein bygning kan seie mange ulike ting om konteksten og historia innanfor desse rammene.<sup>66</sup> Materiell kultur er ikkje passiv, men har heller ikkje nokon bestemt betydning med mindre nokon tolkar denne meininga. Forsøk på å tolke materialitet kan føre mange ulike stader, og gje mange svar. Det er ikkje alltid slik at tolkingane som vert avdekke passar inn i ”neat binaries and categorizations”.<sup>67</sup> Det kan altså vere at materialiteten leiar til konklusjonar som ikkje heng saman, eller visar motstridande tendensar. Mange prøver å gje kulturminne ei fast meining, men når ein studerer materialitet, kan det dukke opp svært komplekse kontekstar og narrativ.<sup>68</sup> Dette er særleg viktig å hugse på i forsøket mitt på å få oversikt over og kategorisere sjøbruksbygningar. Ofte kan kategoriseringane og meiningane bak kvart element vere uklare. Bygningane er ikkje bygde for å passe perfekt inn i eit logisk system. Det kan difor vere vanskeleg å finne gjennomgåande logikk og samanheng. Dette gjeld nok først og fremst eldre bygningar. Moderne bygningar har klarare rammer og avgrensingar frå den kommunale forvaltninga si side. Dei er gjerne lettare å setje inn i eit logisk system.

Materialitet er ikkje avgrensa til *ei* tid. Ting skapar koplingar mellom fortida, notida og framtida og gjer det mogleg å sjå tolkingar som ikkje kjem fram i andre kjelder.<sup>69</sup> Materiell kulturarv er eit produkt av alle tidene han har eksistert i. Ting gjev oss ei direkte kopling til

---

<sup>63</sup> Arjun Appadurai, *The Social Life of Things: Commodities in Cultural Perspective* (Cambridge: Cambridge University Press, 1986), 5.

<sup>64</sup> Naguib og Rogan, *Materiell kultur og kulturens materialitet*, 13.

<sup>65</sup> Naguib og Rogan, *Materiell kultur og kulturens materialitet*, 341.

<sup>66</sup> Hilde Gunn Slottemo, ”Mening og materialitet i lokal tettstedsutvikling: Eksempler frå Lillestrøm og Strømmen på 1940- og 1950-tallet,” *Heimen* 50, no. 3 (2013), 237-38.

<sup>67</sup> Alexandra Binnenkade og Felicitas Macgilchrist, ”Materiality,” i *Trickbox of Memory: Essays on Power and Disorderly Pasts*, red. Macgilchrist Felicitas og Metro Rosalie (Goleta: Punctum Books, 2020), 44-46.

<sup>68</sup> Binnenkade og Macgilchrist, ”Materiality,” 59.

<sup>69</sup> Binnenkade og Macgilchrist, ”Materiality,” 44.

fortida, kor vi kan sjå dei fysiske spora av denne fortida, eller fleire fortider. Tida sin kronologi vert oppheva, og fortida og notida eksisterer samstundes.<sup>70</sup> Vi kan snakke om tolkinga av materiell kultur ved å nytte konseptet 'presence', eller nærvær, der vi ser på møte mellom menneske og materialitet, og korleis meining vert konstruert i dette møtet.<sup>72</sup> Særleg bygningar, som eg skal sjå på i analysen, er tydelege døme på at fortida, og gjerne fleire distinkte fortider, sameksisterer med notida.<sup>73</sup> Eg vil sjå på korleis bygningane har endra seg over tid, korleis ulike periodar eksisterer samstundes i ein og same bygning, og òg korleis bygningar og element frå ulike tider eksisterer saman i dei same miljøa.

Sentralt for materialiteten til objekt, er samhandlinga mellom menneske og ikkje-menneske.<sup>74</sup> Her er både menneske og ting aktørar. Tim Ingold meiner at ting ikkje berre *eksisterer* – dei *skjer*.<sup>75</sup> Dei stoppar ikkje opp når dei først har blitt forma, men går gjennom prosessar gjennom livsløpet sitt. Haraway (her sitert av Damsholt og Simonsen) nyttar omgrepet "becoming with", der menneske og ikkje-menneske vert forma gjennom interaksjonane dei har med kvarandre, og utviklar seg på måtar som ikkje hadde skjedd i isolasjon.<sup>76</sup> Sjølv om dette er ein prosess som går begge vegar, vil eg i analysen min fokusere på dei menneskelege avtrykka på det materielle, altså på korleis menneskeleg bruk har forma sjøbruksbygningane og elementa rundt dei.

Det materielle har ikkje berre eit samspel med individuelle menneske, men er plasserte i ein større kulturell kontekst som både har forma og blitt forma av materialiteten. Ting og kultur kan ikkje skiljast frå kvarandre.<sup>77</sup> Sosiokulturelle prosessar og kulturen sin materialitet er tett knytt opp mot kvarandre, og eksisterer ikkje som separate sider av verda.<sup>78</sup> I lys av kulturarvstudiar kan ein sjå på verda som ein prosess, der alt stadig er i endring. Ting er alltid på veg mot å *bli* noko, i staden for å *vere* noko.<sup>79</sup> Notida er berre ein midlertidig stabilitet i overgangen mellom tilstandar.<sup>80</sup> Ting får ei meir heilskapleg meining når dei er plassert i ein kulturell kontekst. Sjølv om materialiteten står i fokus, vil ein få eit meir fullstendig bilete av

---

<sup>70</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 20.

<sup>71</sup> Mordhorst, "Museer, materialitet og tilstedevær," 129.

<sup>72</sup> Mordhorst, "Museer, materialitet og tilstedevær," 121.

<sup>73</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 33.

<sup>74</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 25.

<sup>75</sup> Mordhorst, "Museer, materialitet og tilstedevær," 131.

<sup>76</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 21.

<sup>77</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 12.

<sup>78</sup> Fernando Armstrong-Fumero, "Artifactual Surface and the Limits of Inclusion: Blurring the Boundary Between Materiality and Intangible Heritage," *Anthropological Quarterly* 91, no. 4 (2018): 1305.

<sup>79</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Prosesser, relationer og performativitet," 17.

<sup>80</sup> Mordhorst, "Museer, materialitet og tilstedevær," 132.

den materielle kulturen ved å undersøke informasjon frå ulike kjelder og sjå på dette i ein større kontekst.<sup>81</sup> Ting har komplekse funksjonar i verda og fyller mange roller. Som eit resultat av desse mangesidige relasjonane, kan det materielle sjåast som ein refleksjon av individa og samfunna dei er forma av, og fungere som ”portals to cultures and behaviors of the past.”<sup>82</sup> Eg vil sjå på kva ytre prosessar og endringar som har gått føre seg i sjøbruksbygningane sine ”liv”, og korleis desse har verka inn på materialiteten til bygningane.

### **Sjøbruksbygningar sin materialitet**

Forma på sjøbruksbygningane erfaringsbasert og gradvis tilpassa bruk, behov og utfordringar gjennom generasjonar.<sup>83</sup> Byggeskikken i eit område kan vere påverka av eit sterkt press for å følgje dei lokale uskrivne reglane, og ein kunne få sterke reaksjonar frå naboane om ein bygde noko som var annleis enn det naboane aksepterte som vanleg og passande.<sup>84</sup> Behov og bruk verka òg inn. Bygningar har ofte vore gjennom mange fasar og endra seg gjennom åra. I eit område vil ofte mange av bygningane ha gått gjennom omtrent dei same endringane. Byggeskikken er alltid ein prosess i endring, og vil fortsetje å endre seg.<sup>85</sup> Bygningar er objekt med implikasjonar langt utanfor den materielle bygningen.

## **Landskap**

Eg vil òg sjå på landskapsteori knytt til samspelet mellom sjøbruksbygningane og landskapet. Utforming og plassering av bygningane er forma av kor i landskapet det har vore eigna å bygge naust og andre sjøbruksbygningar, og forma etter forholda på staden. Landskapsteorien er nært knytt opp mot materialitetsteorien, då begge ser på relasjonane mellom kultur, menneskeleg aktivitet og dei fysiske omgjevnadane. Når ein ser på landskapet i eit kulturhistorisk perspektiv, er det mellom anna fokus på bygningar, økonomi, former for drift og arbeidslivet innanfor det særskilde landskapet. Interesse for landskapsperspektivet kan knytast til registrering av kulturminne frå 1970-talet og fram mot i dag. Etter kvart har landskapsanalysen fått ikkje berre det fysiske, men òg det sosiale og kognitive innlemma som viktige element for å sjå på samspelet mellom menneske og verda rundt dei. Dette inkluderer både det fysiske landskapet og flyktige element som vêr, temperatur og årstider - altså alle dei naturlege elementa som kan påverke liva til menneske. Ifølgje Swensen et al., er bygningane

---

<sup>81</sup> Burkhart, "Object Lessons," 35.

<sup>82</sup> Joseph L. Scarpaci, "Material Culture and the Meaning of Objects," *Material Culture* 48, no. 1 (2016): 1.

<sup>83</sup> Odd Brochmann, *Bygget i Norge: Fra vikingtid til borgerhus*, Bind 1. (Oslo: Andresen & Butenschøn, 2003), 13-14.

<sup>84</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 13.

<sup>85</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 18-22.

si plassering i landskapet styrt av naturen og samfunnet sine moglegheiter og grenser. Det finst kulturhistorisk styrte mønster i landskapet som er forma av ulike tider. Å avdekke desse mønster og strukturane er viktig for å forstå eit landskap.<sup>86</sup> Å sjå landskapet i eit kulturelt perspektiv er det ifølgje Christensen ikkje å sjå det som eit statisk miljø, men som ein tilpassingsprosess mellom menneske og landskap som er i kontinuerleg endring. Vi kan lese historiske spor i møtet mellom fleire tider, gjennom korleis kulturen har sett sitt preg på det fysiske.<sup>87</sup> Sjøbruksbygningar og spor i og rundt bygningane frå ulike periodar eksisterer side om side, med element som reflekterer ulike periodar i utviklinga.

Å lese eit landskap er å observere det og sjå spor og samanhengar i det fysiske, som kan setjast inn i ein kulturell kontekst, sjå korleis landskapet har forma menneskeleg aktivitet og kultur, og korleis menneska har forma landskapet rundt seg.<sup>88</sup> Christensen skildrar at "vi beskriver det vi ser, og tolker det i lys av de kunnskapene vi har," for å finne det heilskaplege og typiske i eit område. For å oppnå dette, kan ein velje seg ut eit element med ei viktig rolle i landskapet, og bruke dette som ei linse å sjå landskapsprosessane gjennom.<sup>89</sup> Her er dette landskapselementet sjøbruksbygningar. Ein kan ta utgangspunkt i korleis landskapet ser ut i dag, kva spor etter fortida som er synlege, og den aktiviteten som finst i dag knytt til fortida sin kultur. Slik kan ein sjå på kva desse fortel om det historiske og notidige forholdet mellom menneske og landskap.<sup>90</sup> Eg kan slik få fram heilskaplege perspektiv på prosessane der natur og kultur har verka inn på kvarandre, og der menneske har forma omgjevnadene sine.<sup>91</sup> Ifølgje Christensen kan ein òg lese landskapet i form av linjer og punkt som viser menneske sine rørsler i landskapet. Her er punkta dei stadene folk bur eller oppsøker. Linjene er vegane dei nyttar mellom desse punkta. Ulike grupper, til dømes lokale og folk som ferierer i kommunen, nyttar ulike punkt og linjer i landskapet.<sup>92</sup> Gjennom tida har punkta folk oppsøker og linjene mellom dei endra seg i takt med samfunnsendringane.

Forholdet mellom natur og kultur er alltid til stades og i endring. Landskapet speglar endringane det har vore gjennom. Samstundes kan omfattande moderne utvikling, til dømes drastisk endra landsbruksformer eller store utbyggingsprosjekt, skjule spora etter fortida.<sup>93</sup>

---

<sup>86</sup> Grete Swensen et al., *Landskap under press – Urbanisering og kulturminnevern: En studie med eksempler fra Nannestad og Stavanger* (Oslo: NIKU, 2004), 10.

<sup>87</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 9-10.

<sup>88</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 10-11.

<sup>89</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 263-265.

<sup>90</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 116.

<sup>91</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 195.

<sup>92</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 265.

<sup>93</sup> Hauge, Austad og Pettersson, "Kulturlandskap på dagsordenen," 219.



Livet langs kysten kravde tilpassing og kunnskapstileigning basert på prøving og feiling gjennom mange generasjonar, om geografi, fiskeplassar og samspel med sjøen sine krefter.<sup>94</sup> I område med sterk normering og tydelege tradisjonar, kan dei menneskeskapte elementa i landskapet vere regelmessige og føreseielege, med stor gjentakning av fellestrekk.<sup>95</sup>

For folk som budde langs kysten og dreiv med fiske og sjøfart, var det viktig å tilpasse seg til, og i størst mogleg grad meistre, landskapet.<sup>96</sup> Dei levde liva sine med dei moglegheitene og grensene som naturen sette som ramme.<sup>97</sup> Bruken av landskapet endrar seg over tid i takt med endringane som skjer i samfunnet.<sup>98</sup> Eg vil i lys av landskapsteorien sjå på kvar sjøbruksbygningane ligg i landskapet og kvifor, korleis form og plassering er tilpassa landskapet og dei flyktige elementa, og korleis dette har endra seg med dei kulturelle behova.

Landskapet viser ikkje berre spor etter liv og levesett som høyrer til fortida. Utforminga av kulturlandskapet og bygningane som er plasserte i det kan formidle mykje av kunnskapen folk i fortida hadde tileigna seg i generasjonar. Moderne utvikling gjer lurt i å ikkje ignorere lærdommen frå fortida om korleis ein best kan leve i og med landskapet.<sup>99</sup> Naturen er i raskare endring enn nokon gong tidlegare. Hytte- og industriutbygging, oppstykking av eigedommar, endra driftsformer og auka forbruk er nokre av måtane menneskeleg verksemd påverkar landskapet langs kysten.<sup>100</sup> Eg vil nytte element av ein historisk landskapsanalyse. Denne ser på kva arealendringar gjer med det kulturhistoriske landskapet, og korleis kulturminne heng saman med tida og kulturen dei har eksistert i. Eg vil sjå på materielle spor etter fortida og korleis desse kan lesast i notida gjennom ein kombinasjon av dei fysiske spora og annan kunnskap. Slik kan eg avdekke sentrale trekk ved utviklinga og sjå på kva element av fortida som har overlevd til i dag.<sup>101</sup> I analysedelen nyttar eg i stor grad empiriske og deskriptive perspektiv på landskap, med lite teoretisk vinkling. Eg har difor mindre tydelege teoretiske perspektiv i analysen av bygningane i landskapet enn i analysen av materialitet og praksis.

---

<sup>94</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 224-25.

<sup>95</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 284.

<sup>96</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 80.

<sup>97</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 125.

<sup>98</sup> Leif Hauge, Ingvild Austad og Marie Pettersson, "Kulturlandskap på dagsordenen," *Heimen* 49, no. 3 (2012): 219.

<sup>99</sup> Hauge, Austad og Pettersson, "Kulturlandskap på dagsordenen," 220.

<sup>100</sup> Inger Elisabeth Måren og Ole Reidar Vetaas, "Kulturlandskap i drastisk endring - Betragtninger i tid," *Naturen* 132, no. 4 (2008): 184.

<sup>101</sup> Swensen et al., *Landskap under press*, 9.

## 5. Analyse og diskusjon

Det er særleg tre aspekt ved sjøbruksbygningane eg vil analysere. Først vil eg sjå på korleis plasseringane til bygningane er forma av geografien rundt. Her ser eg på kor dei ligg landskapet og samspelet med dei naturlege omgjevnadene, samt bygningane sitt forhold til kvarandre. Den neste delen vil undersøke korleis materialiteten til bygningane er forma og endra gjennom bruken av dei. Her vil eg sjå på korleis dei fysiske bygningane er forma av praksisar og andre omsyn. Denne delen vil sjå på forholdet mellom bygningane og menneska som har brukt dei. Den siste delen vil sjå på eit større perspektiv, der eg ser sjøbruksbygningane opp mot samfunnsendringane dei siste femti åra. Her ser eg på korleis måtane dei har blitt bygd, brukt, utforma og endra heng saman med kulturelle og samfunnsmessige endringar, og korleis bygningane samsvarer med notida sine behov og haldningar.

### Oversikt over sjøbruksbygningane

Ein kan lese mykje ut frå den ytre materialiteten og omtrentlege alderen til sjøbruksbygningane, utan å vite meir om korleis dei har blitt brukt og ser ut inni. Eg vil starte med eit overblikk over mengda sjøbruksbygningar som finst i området, altså heile vestkysten av Sveio kommune. Eg har registrert 990 sjøbruksbygningar eller registrerte eller synlege ruinar av sjøbruksbygningar. Av desse er 878 noverande (ståande eller samanraste) bygningar, medan 112 er ruinar (berre murar eller ingen spor). Talet på noverande bygningar stemmer nok nokså bra. Talet på ruinar derimot, fortel høgst sannsynleg ikkje særleg nøyaktig kor mange bygningar som har gått tapt i området. Dei litt over hundre ruinane eg har registrert er basert på ruinar som er kommunalt registrerte, eller som eg sjølv har merka synlege spor etter.

Når eg snakkar om bygningar frå før og etter 1970, har eg to ulike inndelingar avhengig av kontekst. *Geografisk inndeling* vert nytta i diskusjonar der det er plasseringa til bygningane, heller enn dei materielle kvalitetane, som er relevant. Her grupperer eg nyare bygningar som har erstatta ein eldre bygning på same stad saman med dei frå før 1970, sidan det relevante er kvar bygningar vart plasserte. Eg reknar òg med ruinar her. *Materiell inndeling* vert nytta når eg snakkar om dei materielle eigenskapane til noverande bygningar. Her grupperer eg nye bygningar som er gjenoppbygde etter 1970 saman med dei nyare bygningane. Desse er bygde for å tilfredsstillte moderne behov, og dei materielle kvalitetane deira speglar i stor grad utviklinga etter 1970. I diskusjonar om bygningane sin materialitet reknar eg ikkje med ruinar.

Inndeling av bygningar frå før og etter 1970	Geografisk inndeling (990 bygningar totalt)	Materiell inndeling (878 bygningar totalt)
Før 1970	455 (46 %)	299 (34 %)
Etter 1970	535 (54 %)	579 (66 %)

Figur 7: Inndeling av bygningar etter alder, fordelt på geografisk og materiell inndeling. Tal på bygningar og prosentfordeling for kvar inndeling.

Som tabellen over viser (figur 7), har under halvparten av sjøbruksbygningane som finst, eller som det finst spor eller dokumentasjon etter i dag, eksistert i ein eller annan form sidan før 1970. Dei kan ha stått uendra, ha gjennomgått store endringar i form og funksjon, fått påbygg, blitt erstatta med ein heilt ny bygning på same staden eller forsvunne heilt. Ut frå kjeldene eg har brukt, kan eg ikkje seie sikkert om ein bygning har gjennomgått store endringar. Derimot kan eg seie nokså sikkert om det *var* ein bygning der i 1970, og om han er der i dag.

Det har vore stor vekst i bygging av sjøbruksbygningar i Sveio i nyare tid. I løpet av dei siste femti åra er det bygd fleire sjøbruksbygningar i området enn vi har spor etter der i heile Sveio si historie før dette. Sjøbruksbygningane er, som Christensen skildrar, eit utvalt element som vert nytta som ein måte å lese landskapet frå det særskilde kulturhistoriske perspektivet eg er interessert i.<sup>102</sup> Bygningane fortel om liva til dei som brukte sjøen før og dei som bruker sjøen og bygningane no. Gjennom heile analysen nyttar eg eit historisk, diakront perspektiv, der eg ser på historisk kontekst og tel førekomstar over tid for å finne kontinuitet og endringar i bygningane si utvikling. Gjennom landskapet og bygningane ser eg på endra praksis og samfunnsendringar. Eit gjennomgåande tema i alle analysedelane er at bygningane og landskapet ikkje er statiske, og at menneskeleg bruk fører til kontinuerleg endring.<sup>103</sup>

## Bygningane i landskapet

Først vil eg prøve å svare på spørsmålet “Korleis har geografien forma plasseringa av sjøbruksbygningane?” Eg ser her på bygningane sine geografiske plasseringar og forholdet til andre sjøbruksbygningar over tid.

### Geografiske forhold

“Det skiftende landskapet satte rammer for hvor folk kunne bosette seg. Samtidig hadde råderett over jord og land betydning. Bosetningen avspeiler derfor også et sosialt landskap,

<sup>102</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 263-265.

<sup>103</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 195-96

skapt under skiftende driftssystemer.”<sup>104</sup> Som Ingvild Øye peikar på her, har landskapet påverka busetjing og bygningar.

Vestsida av Sveio ligg ut mot Nordsjøen, men er delvis skjerma av den lange øya Bømlo. Sjølv med Bømlo som skjerming, er dei ytre delane av kysten svært vêrutsette. Det er samstundes store delar av kystlinja som ligg godt skjerma mot ope hav. Sveio har fleire fjordar, pollar og godt skjerma vågar, der dei største bølgiene og det verste vêret ikkje trengjer heilt inn. Dette resulterer i ei kystlinje med store kontrastar. Her finst alt frå vêrutsette nes nesten utan noko som skjermar for Nordsjøen, til lune og grunne område inst i fjordarmar.

Med slike forskjellar endar ein opp med bygningar som er bygde på heilt ulike premisser, og vert utsette for svært ulike påkjenningar over tid. Sjøbruksbygningane har gjennom åra blitt forma og plasserte ut frå dei grensene og moglegheitene naturen gjev.<sup>105</sup> Terrenget har stått for dei tydlegaste grensene for plassering, men plassering av gardane og andre forhold har spelt inn.<sup>106</sup> Mange av gardane var tidlegare klyngetun. Det er difor naturleg at gardsnausta vart bygde samla. Slik fekk mange nytte av dei beste hamnene i eit område, som låg relativt godt skjerma, hadde gode forhold for å trekke opp båtar, og la til rette for sosialt fellesskap og samarbeid. Sjøbruksbygningane måtte plasserast for å overleve det kraftige vêret, med at bygningane låg tilbaketrekt nok eller hadde kraftige nok fundament til å klare seg gjennom mange stormar. Det var òg viktig å plassere nausta langt nok inne på land til at dei ikkje vart fylte med vatn når det var flo.<sup>107</sup>

Uansett kor dei er plasserte, vert sjøbruksbygningane påverka av vêret og klimaet i området. Vêret på vestlandskysten er prega av mykje regn og vind. Klimaet er fuktig og mildt. Det regnar store delar av året, og det er ofte sterk vind og store bølger. Kysten er særleg utsett for øydeleggingar frå vind og stormar. Det fuktige og milde klimaet ein viktig grunn til at mange bygningar i området rotnar raskare enn i tørrare område.<sup>108</sup> Det trengst difor meir vedlikehald for å hindre bygningar i å gå tapt. Dei eldre sjøbruksbygningane som er att har måtta kjempe ein hard kamp mot naturen, og der ikkje menneske har gjort ein aktiv innsats, har truleg ein stor del av dei eldre bygningane gått tapt over tid. Blant dei rundt tusen sjøbruksbygningane eg har registrert i dette prosjektet, er det under hundre bygningar frå før 1900 som framleis

---

<sup>104</sup> Øye, “Landbruket i historisk lys,” 81.

<sup>105</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 266-67.

<sup>106</sup> Brochmann, *Bygget i Norge*, 13.

<sup>107</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 112.

<sup>108</sup> *Effekter av klimaendringer på kulturminner og kulturmiljø: Delrapport 3 fra prosjektet Effekter av klimaendringer på kulturminner og kulturmiljø* (Riksantikvaren, 2010), 2010. 5.

står i dag, og nokre er i svært dårleg stand. Kor mange bygningar som har gått tapt er det vanskeleg å finne svar på.

Heilt konkrete teikn på korleis elementa har påverka bygningane, er blant anna den flassande malinga og treverk nær bakken som har delvis rotta på mange av bygningane. Eit meir ekstremt døme er eit naust i ein nokså vêrutsett våg, der ein storm (truleg) nesten har kasta naustet på sjøen. Det lenar seg skrått utover, og har blitt stroppa fast i trea rundt for å ikkje velte uti. Dette dømet viser kor vanskeleg det kan vere å få bygningar til å bli ståande når naturkreftene verkeleg slår inn. Dei flyktige og varierende elementa gjorde fiskarbondene svært tilpassingsdyktige. Dette var ein føresetnad for å kunne livnære seg langs vestlandskysten. Vêret har vore med på å bestemme plassering av bygningar og bruk av landskap. Kraftig og skiftande vêr førte til mange utfordringar.<sup>109</sup> Naturen var stadig i endring. Flo og fjære førte til endringar frå time til time. Silda kom og gjekk saman med dei skiftande årstidene, og det var ingen garanti at ho ville komme tilbake kvart år.<sup>110</sup> Nokre endringar var regelmessige, andre ikkje. Folk måtte vere klare for alle typar endringar.

Blant dei flyktige naturressursane langs kysten, er fisk særleg viktig. Tilgangen på fisk er sjølve grunnlaget for at ein stor del av sjøbruksbygningane finst. Jordbruksarealet i Sveio er for det meste oppstykkja og ujamt. Sjølv om jordbruk var og er ein viktig del av det lokale ressursgrunnlaget, er det mykje betre jordbruksareal i andre delar av landet. Den gode tilgangen på fisk, særleg under vårsildfisket på 1800-talet, var det som lokka folk til å busetje seg i området. Sjøbruksbygningane er då eit viktig bindeledd mellom menneska og den rike tilgangen på fisk. Dei trong båt for å kunne fiske, og naust for å beskytte båtane mot vêret og klimaet. Med desse faktorane som utgangspunkt, kan eg sjå på korleis dette er reflektert i dei fysiske forholda i Sveio.

<b>Geografisk plassering</b>	<b>Før 1900 (132 totalt)</b>	<b>1900 – 1970 (323 totalt)</b>	<b>Etter 1970 (535 totalt)</b>	<b>Ruinar/dårleg stand (136 totalt)</b>
Fjordar og pollar	61 (46 %)	202 (63 %)	363 (68 %)	81 (60 %)
Vågar og sund	41 (31 %)	67 (21 %)	135 (25 %)	34 (25 %)
Vêrutsett ytterkyst	30 (23 %)	54 (17 %)	37 (7 %)	21 (15 %)

Figur 8: Geografisk fordeling av den totale bygningsmassen frå ulike periodar (inkludert ruinar), og av ruinar og bygningar i dårleg stand (frå før og etter 1970 samla). Geografisk inndeling. Tal på bygningar og prosentfordeling innanfor periodane.

<sup>109</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 75-80.

<sup>110</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 209.

Først vil eg sjå på kor i landskapet bygningane er blitt plasserte. Sjølv om eg for det meste berre deler bygningane opp etter om dei er frå før eller etter 1970, vil eg her dele bygningane frå før 1970 opp i 'før 1900' og '1900-1970' for å gjere utviklingstendensen over tid tydlegare. Først vil eg sjå på bygningar og spor etter bygningar frå før 1900. Som dei eldste bygningane, kan det vere naturleg å tenke at desse ikkje var like avgrensa av eksisterande bygningar og reguleringar som nyare bygningar. Har dette då ført til at desse eldre bygningane har dei beste tilgjengelege hamneforholda? Funna mine kan tyde på at det ikkje nødvendigvis er så enkelt (figur 8). Av registreringane frå før 1900 ligg nesten halvparten inne i fjordar og pollar. Dette tyder på at dette var attraktive område å bygge i. Elles er det ei nokså jamn fordeling mellom bygningar som ligg delvis skjerma i vågar og sund og i viker som ligg meir eller mindre ubeskytta ut mot den ofte vêrharde Bømlafjorden. Den relativt store delen som ligg vêrutsett til, samanlikna med periodane etter, kan tyde på at det ikkje berre var grad av skjerming mot elementa som spelte inn i plasseringa i denne perioden. Til ei viss grad har nok dette å gjere med nærleik til bustaden, men mange stader ligg det meir skjerma hamner relativt nært. Det er nok difor andre faktorar som òg har spelt inn.

Som figur 8 viser, auka delen av sjøbruksbygningar som vart bygd inne i fjordar og pollar mellom 1900 og 1970. Samstundes vart delen av bygningane som vart bygd både langs den mest vêrutsette ytterkysten og i dei noko skjerma vågane og sunda redusert. Det vart bygd mange fleire naust i denne perioden enn det vi har spor etter frå før 1900. Vala av plassering kan tyde på at det framleis var rikeleg med gode nausttomter tilgjengeleg, og at fleirtalet hadde moglegheit til å bygge sjøbruksbygningane sine i godt skjerma hamner.

Fordelinga av ruinar og falleferdige bygningar stemmer godt overeins med dei heilskaplege fordelinga av sjøbruksbygningane frå før 1970 (figur 8). Faktisk er det ein proporsjonalt liten del av dei mest vêrutsette bygningane som viser tydelege teikn på å ha gått ut av bruk. Dette peiker mot at det ikkje er nokon direkte kopling mellom den geografiske plasseringa og overlevingsevna til ein bygning. Det ser ikkje ut til å vere tilfellet at bygningar på utsette stader går tapt, medan bygningar som er godt skjerma mot ope hav har blitt ståande.

Fleirtalet av bygningane eg har registrert er bygd etter 1970. Dette talet er særleg høgt på grunn av nokre lange naustrekkjer fleire stader i kommunen, som består av mange nær identiske naust eller sjøhus på rekkje. Som figur 8 viser, held utviklingstrenden frå før 1970 fram mot i dag. Delen som vert bygd inne i trygge fjordar og pollar har vakse enda meir, medan delen som vert bygd på vêrutsette stader har blitt betydeleg mindre. Nyare utbygging

er i stor grad fokusert mot dei mest skjerma områda. Denne utviklinga tyder på at det ikkje har vore noko problem å få tak i gode sjøtomter, heller tvert imot.

Samstundes har det dukka opp nokre få, men likevel betydelege sjøbruksbygningar som ligg ut mot Bømlafjorden, på stader som tidlegare hadde vore ueigna som hamn. Her er moloar bygde for å verne bygningar og båtar mot dårleg vêr. Det mest interessante dømet på dette er moloen ved hyttefeltet Sletto, der den første moloen som vart bygd og dei tilhøyrande sjøbuene raste saman i ein storm, og ein ny og mykje større molo måtte byggast for å klare å verne hamna. Dette er eit døme på korleis menneske har forsøkt i meistre landskapet.<sup>111</sup>

Nokså få sjøbruksbygningar er bygde innanfor moloar så langt, og det ikkje ser ut til å ha vore eit problem å finne gode hamneforhold. Likevel kan gjerne døme som Sletto peike mot ei utvikling der det blir vanskelegare å finne gode stader å bygge langs sjøen. Denne typen løysningar kan bli teke meir i bruk dersom utviklinga skal kunne halde fram i same tempo som fram til i dag. Det er òg mange som ser på det som attraktivt å vere på vêrharde stader der ein får naturkreftene tett på.



*Figur 9: Den nye kjempemoloen til Sletto hyttefelt, som forhåpentlegvis toler ein sterk storm. Foto: Forfattaren.*

Den generelle forskyvinga vekk frå ytterkysten kan ha fleire grunnar. Vêrutsette kystområde og skjerma fjordar er nok begge attraktive stader å ha sjøbruksbygningar, av ulike grunnar. Ytst på kysten kjem ein tett på naturkreftene og havutsikten. I skjerma område er det gjerne

---

<sup>111</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 80.

fredelegare og meir idyllisk, og det er lettare å komme seg ut med båt fordi det er mindre bølger. Totalt sett er det gjerne meir praktisk å bygge inne i skjerma område.

Ein annan grunn kan vere at det tidlegare var ein fordel å vere nærast mogleg fiskefelta. Det var om å gjere å ha naust på stader der det var kort veg til dei beste fiskeplassane og lett å dra båten på land.<sup>112</sup> Dei som hadde naust inst i lange fjordarmar hadde ei ulempe når det gjaldt å komme seg ut på fiske i Bømlafjorden, og hadde langt å ro. No som livet ved sjøen har gått over til å handle meir om rekreasjon og ferieidyll (noko eg vil komme tilbake til seinare), er ikkje dette lenger eit krav. Heilt andre faktorar spelar inn i dagens plassering av bygningar. I tillegg er plasseringa av nye bygningar påverka av kva eigedommar som er tilgjengelege, kor det er lov å bygge, og kva område er praktiske for utbygging. Særleg ser det ut til å vere fleire eigedommar med hus og hytter inne i fjordområda, medan det ligg ein del store gardar langs ytterkysten, noko som betyr færre eigedommar å byggje på. Det verkar då naturleg at det vert bygd meir i områda med fleire eigedommar, sjølv om det òg kan vere mogleg å skilje ut nye tomter frå store gardar. Som Swensen et al. skildrar, kjem det fram tydelege mønster i korleis bygningane er plassert i landskapet, basert på landskapet sine rammer og tida dei er bygd i.<sup>113</sup>

### **Bygningsmiljø**

Dei geografiske forholda er stor grad er uendra over tid. Miljøet rundt dei derimot, har endra seg mykje når det gjeld forholdet til andre bygningar og vegar. Miljøet eg snakkar om her, er det miljøet som finst i dag. Mange eldre bygningar har eksistert i heilt andre miljø enn dei gjer i dag. Det ville blitt svært komplisert å gjennomgå alle endringar som har skjedd i omgjevnadane, difor fokuserer eg på det som er synleg no. Til dømes kan eldre bygningar eller ruinar som no ligg i eit sjøbruksmiljø ha stått åleine då dei vart bygd. Bygningar som står åleine no ha hatt bygningar rundt som har forsvunne over tid. Mange naust har òg blitt skilde ut frå gardane dei opphavelig høyrte til, noko som har fjerna dei frå konteksten sin.<sup>114</sup> Det noverande miljøet kan likevel fortelje om kva slags miljø som er best eigna til dagens forhold, og kva for nokre miljø som ikkje har ein sentral plass i dagens samfunn.

---

<sup>112</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 78-79.

<sup>113</sup> Swensen et al., *Landskap under press*, 10.

<sup>114</sup> *Kulturminneplan: Kommunedelplan for kulturminne 2020 – 2032: Høyringsutkast* (Bømlo: Bømlo kommune: 2020), 34.



<b>Bygningsmiljø</b>	<b>Før 1970 (totalt 455)</b>	<b>Etter 1970 (totalt 535)</b>	<b>Ruinar/dårleg stand (totalt 136)</b>
Sjøbruksmiljø og tettstader	232 (51 %)	384 (72 %)	76 (56 %)
Tun	115 (25 %)	99 (19 %)	29 (15 %)
Spreidd plassering (små grupper eller åleine)	116 (25 %)	63 (12 %)	41 (30 %)

Figur 10: Sjøbruksbygningar frå før og etter 1970 (inkludert ruinar), og ruinar og bygningar i dårleg stand (før og etter 1970 samla) fordelt etter bygningsmiljø. Tal på bygningar og prosentfordeling innanfor periodane. Nokre bygningar er kategoriserte i både sjøbruksmiljø og tun. Geografisk inndeling.

Av registreringane frå før 1970 ligg omtrent halvparten i sjøbruksmiljø, tettstader eller liknande. Ein fjerdedel ligg inne i tun. Den resterande fjerdedelen ligg spreidd utover langs kysten (figur 10). Dette tydar på at det vanlegaste var å bygge sjøbruksbygningar i utvalde hamner, heller enn direkte knytt til der folk budde. Igjen er nok dette i stor grad knytt til hamneforhold, men faktorar som sosialt fellesskap, praktisk tilkomst og andre omsyn som kor det var mogleg å få sjøtomt kan ha verka inn. Dei som bygde naustet sitt i nær tilknytning til våningshuset var nok dei som hadde forhold på garden som låg til rette for dette. Resten bygde i dei beste hamnene i nærleiken, kor andre i lokalmiljøet òg hadde nausta sine. Nausta som ligg spreidd utover langs kystlinja, er nok plasserte på dei beste moglege og praktiske stadene ein hadde tilgang til.

Av registreringane frå etter 1970, ligg ein mykje større del i sjøbruksmiljø og tettbygde område. Det har blitt bygd mykje færre bygningar i både tun og andre spreidde plasseringar (figur 10). Her er endringstendensen tydeleg. Det store fleirtalet av nye sjøbruksbygningar vert samla på nokre utvalde stader. Dette er styrt av kommuneplanen, som ikkje opnar for spreidd utbygging.<sup>115</sup> Godt over ein fjerdedel av dei nyare bygningane ligg fordelt på sju av dei største naustrekkjeområda. Her er dei fleste bygningane frå omtrent den same tida og i omtrent den same stilen. Mange av dei er heilt identiske. Dette viser kor hovudfokuset i utviklinga ligg. Når talet på bygningar i tun er lågare her enn for dei eldre bygningane, er nok ikkje dette fordi dei som har tun til sjøen ikkje vil ha sjøbruksbygningar. Det kan vere knytt til at ein stor del av dei allereie hadde sjøbruksbygningar frå før, eller gjerne at store eigedomsutviklarar har større gjennomslagskraft enn privatpersonar. Eg vil òg påpeike her at dette talet prosentvis druknar litt i dei høge tala frå dei lange naustrekkjene.

<sup>115</sup> Planskildring til kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2023 (Sveio: Sveio kommune: 2011), 15-16, [https://www.sveio.kommune.no/f/p1/i745e1d96-6ed3-4d2e-93cc-0692dedea7f8/planskildring\\_kommuneplan\\_1006.pdf](https://www.sveio.kommune.no/f/p1/i745e1d96-6ed3-4d2e-93cc-0692dedea7f8/planskildring_kommuneplan_1006.pdf).

Ruinar og bygningar i dårleg stand kan vere samanraste, ha murar som står att eller vere heilt borte. Som tabellen over viser (figur 10) ligg over halvparten av desse i sjøbruksmiljø og tettbygde område. Ein stor del av desse ligg i hamner som var sentrale i tidlegare tider, men som gjerne er rekna som nokså avsidesliggjande no. Berre ein liten del av dei ligg i tun. Ein god del ligg åleine eller laust gruppert med andre. Nokre få ligg i viker utan bilveg, men dette ser ikkje ut til å vere ein definerande faktor. Godt over halvparten av ruinane og dei falleferdige bygningane ligg nær andre ruinar eller bygningar i dårleg stand. Tjernagelvågen, Vihovdevika og Mølstrevåg er nokre av stadene med ein god del bygningar i denne kategorien. Desse stadene har utvikla seg i ulike retningar. I Tjernagelvågen er det bygd fleire sjøbruksbygningar i nyare tid. Dette kan tyde på at det er ein attraktiv stad, sjølv om bruk og behov har endra seg. I Vihovdevika, som ligg meir avsidesliggjande og ikkje har bilveg, har lite endra seg dei siste femti åra, anna enn at fleire av bygningane har blitt i dårlegare stand (figur 11). Denne vika ser ut til å ha mista funksjonen sin. Mangelen på endring kan her òg vere knytt til at dette er eit kommunalt verna naustmiljø, som òg vart peikt ut av Hordaland fylkeskommune som særleg verneverdig.<sup>116</sup> I Mølstrevåg har stor industriverksemd fjerna ein del bygningar (figur 12).



Figur 11: Den gamle naustrekka i Vihovdevika har fått stå uendra i mange år. Foto: Forfattaren.

---

<sup>116</sup> Klasse A – omsynssone for kulturminne (Sveio: Sveio kommune, 2016), [https://www.sveio.kommune.no/\\_f/p1/ibc45cce1-feec-46f8-9c5f-804407c62669/vedlegg\\_2\\_kulturminne\\_1006.pdf](https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/ibc45cce1-feec-46f8-9c5f-804407c62669/vedlegg_2_kulturminne_1006.pdf).





*Figur 12: Spor etter ein av sjøbruksbygningane som har forsvunne på grunn av industri i Mølstrevåg. Foto: Forfattaren.*

Dei relativt få ruinane i hus- og hyttetun skil seg ut. Ein langt mindre del av dei har blitt ruinar enn den totale delen av bygningane som ligg i tun (figur 10). Det ser ut til at ruinar og sjøbruksbygningar i dårleg stand ligg nokså jamt spreidd utover langs kystlinja. Likevel er det litt mindre fare for at bygningar i tun får forfalle. Det er gjerne ikkje overraskande at desse vert bevarte, sidan dei står så tett på liva til eigarane. Overlevingsevna til dei eldste bygningane ser ikkje ut til å vere sterkt knytt til miljø. Ein god del av bygningane som er i dårleg stand, eller som det står murar etter, ligg på nokså avsidesliggjande stader. Mange av bygningane det ikkje finst spor etter ligg i hamner med meir aktivitet. Dette kan vere fordi populære hamner er meir utsette for å gjennomgå betydelege endringar der bygningane aktivt vert fjerna, medan bygningar som ligg meir avsidesliggjande gjerne får stå til dei eventuelt forsvinn naturleg.

Eg fargekoda lista mi over bygningar (vedlegg 2) avhengig av alder for å gjere det lettare å sjå trendar i ulike område. Mange stader er det ei blanding av eldre og nyare bygningar. Nokre område eg tydeleg prega av mykje nytt eller mykje gammalt. Områda som tydelegast består i hovudsak av bygningar frå etter 1970, er i stor grad stader der det har vore store utbyggingsprosjekt i form av naustrekkjer eller byggjefelt. Desse er først og fremst å finne i godt skjerma område med svært få eller ingen bygningar frå før 1970. Områda som er dominerte av bygningar frå før 1970 er særleg godt skjerma område med mange tun som ligg til sjøen, tidlegare viktige hamner som har mista mykje av relevansen sin i nyare tid, og

avsidesliggjande viker, gjerne utan bilveg. Ved å sjå kategorisk på sjøbruksbygningane si plassering og konteksten deira over tid, og på dei materielle eigenskapane deira, kan eg avdekke det Christensen skildrar som heilskaplege og typiske trekk ved området over tid.<sup>117</sup>

## Materialitet

Eg vil her utforske spørsmålet “Korleis har samspelet vore mellom materialitet og menneskeleg praksis?” Utforminga av bygningane og omgjevnadene fortel om korleis dei blir og har blitt brukt. Som Appadurai påpeiker, må ein følgje den fysiske forma til, bruken av og praksisane rundt objekta for å forstå dei i konteksten sin.<sup>118</sup> Dette kan komme til uttrykk gjennom element direkte knytt til nytteformål, gjennom meir indirekte referansar til bruk, eller gjennom arkitektur som refererer til tidlegare bruk, utan å vere brukselement sjølv. Den fysiske utforminga set, ifølgje Slottemo, rammer for tolkinga av bygningen.<sup>119</sup> Gjennom det materielle kan vi få tilgang til fortida ved at denne er til stades i notida, noko Mordhorst kallar *presence* (nærvær).<sup>120</sup> Dette kjem fram av måtane menneskeleg bruk har forma det materielle. Gjennom å registrere bygningar i eit område og forsøke å lese bruken av dei ut frå det materielle, kan eg finne mønster og variasjon i utforminga og bruken deira.<sup>121</sup> Gjennom det materielle får eg tilgang til spor etter menneskeleg verksemd i utforminga av bygningane. Eg kan sjå kontinuitet og endringar i bygningane sin utviklingsprosess. Som Burkhart påpeiker, kan materielle spor gje eit nokså heilskapleg bilete av tidlegare liv fordi dei viser spor etter alle delar av samfunnet.<sup>122</sup> Utforminga av nye bygningar og endringar i gamle bygningar kan fortelje om endringar i bruk og kultur.<sup>123</sup> Ein god del av dei eldre sjøbruksbygningane har blitt rivne og erstatta med nye (ofte større) bygningar som passar betre med tidas ønskjer og behov.<sup>124</sup> Dette kan òg fortelje om endringane som har skjedd.

Bygningane eg har registrert varierer frå små reiskapshus og naust utan vindauge, til lyse og moderne sjøhus med fleire etasjar. Lista inneheld bygningar som gjev uttrykk for å vere knytt til sjøbruk. Likevel har eg inkludert bygningar som er utforma med tradisjonelle nytteelement, sjølv om bygningane elles gjev uttrykk for å vere reine rekreasjonsbygningar. Dette kan vere båtdører, vindehus, plassering og form som tydeleg refererer til eldre sjøbruksbygningar utan

---

<sup>117</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 263-265.

<sup>118</sup> Appadurai, *The Social Life of Things*, 5.

<sup>119</sup> Slottemo, “Mening og materialitet i lokal tettstedsutvikling,” 237-38.

<sup>120</sup> Mordhorst, “Museer, materialitet og tilstedevær,” 121.

<sup>121</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 282-83.

<sup>122</sup> Burkhart, “Object Lessons,” 34.

<sup>123</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 18.

<sup>124</sup> Bømlo kommune, *Kulturminneplan*, 35.

å ha nyttefunksjonar. Endringar i korleis desse elementa er materialiserte gjennom tida, kan knytast opp mot endringane som har skjedd i samfunnet. Som eg var inne på i teorikapittelet, kan bygningane og dei materielle eigenskapane deira, ifølgje Naguib og Rogan, avdekke dei ibuande kvalitetane deira. Dei legg òg vekt på at bygningane kan bety ulike ting avhengig av tid og stad.<sup>125</sup> Det finst ikkje nokon fasit. Sjølv om eg følgjer dei materielle spora i bygningane, gjer eg dette frå ein ståstad der eg ser etter særskilde element. Observasjonane er farga av kva eg såg på som viktig og interessant. Eg har analysert statistikk og observasjonar, og sett på kva den samla bygningsmassen kan fortelje. Utvalet og fokuset er likevel selektivt. Eg fokuserer her på dei klare tendensane som viser seg i materialet. Det er, som Binnenkade og Macgilchrist påpeiker, ikkje alt som passar inn i ein overordna logikk.<sup>126</sup> Mange avvik og variasjonar kjem ikkje fram når fokuset ligg på sentrale hovudtrekk ved utviklinga.



Figur 13: Vestvikvågen er eitt av områda der dei fleste bygningane tydeleg vert brukt til rekreasjon.. Foto: Forfattaren.

Bygningsstorleik	Før 1970 (totalt 299)	Etter 1970 (totalt 579)
Reiskapshus	3 (1 %)	25 (4 %)
Små bygningar	160 (54 %)	125 (22 %)
Mellomstore bygningar	64 (21 %)	193 (33 %)
Store bygningar	72 (24 %)	236 (41 %)

Figur 14: Bygningsstorleik for noverande bygningar (ikkje ruinar) før og etter 1970. Materiell inndeling. Tal på bygningar og prosentfordeling i kvar periode.

<sup>125</sup> Naguib og Rogan, *Materiell kultur og kulturens materialitet*, 10-13.

<sup>126</sup> Binnenkade og Macgilchrist, "Materiality," 44-46.



## Storleik og opphaldsplass

Ein måte endringa i bygningspreferansar og behov kjem til uttrykk, er i storleiken på den gjennomsnittlege sjøbruksbygningen. Som oversikta over viser (figur 14), er over halvparten av sjøbruksbygningane frå før 1970 kategoriserte som små bygningar. Dette vil seie at dei først og fremst har plass til ein båt og litt utstyr, eventuelt eit lite loft. Tabellen viser ei tydeleg endring mot fleire mellomstore, og enda fleire store, bygningar etter 1970. Av bygningane frå etter 2010, er nesten halvparten rekna som store. Mellomstore bygningar har her noko større grunnflate enn dei minste bygningane, og eit loft med ein del opphaldsplass. Store bygningar har betydeleg større grunnflate enn dei minste bygningane og minst ein etasje oppe som er stor nok til å brukast som fritidsbustad, eller som har betydeleg storleik i andre retningar og med andre funksjonar. Dette er ikkje særleg presise definisjonar. Dei gjev likevel eit bilete av dagens situasjon, mot større bygningar med meir opphaldsplass. Figur 14 viser at ein stor del av dei nyare bygningane som har betydelege opphaldsområde utanfor “bruksarealet” i bygningen (der eg her meiner første etasje, uavhengig av faktisk bruk). Tidlegare var storleiken på nausta først og fremst avhengig av kor mange og store båtar ein hadde.<sup>127</sup> Storleiken og utforming av sjøhus var avhengig av næringsbehova ein hadde. Dette er truleg ikkje lenger ein styrande faktor for dei fleste. Sjøbruksbygningar ser ut til å i mykje større grad ha blitt ein stad å vere, heller enn ein oppbevarings- og arbeidsplass.



Figur 15: Tradisjonelt naust med plass til ein liten båt og diverse båt- og fiskeutstyr. Foto: Forfattaren.

<sup>127</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 112.

## Forhold til sjøen

Tidlegare var båtstø vanleg for naust, slik at ein lett kunne få båtar på land. Kant var vanleg for sjøhus, slik at ein kunne gå heilt inntil med båt. I begge desse tilfella var nærleik til sjøen viktig. Funna i tabellen på neste side (figur 17) tyder på at ønskjer og behov har endra seg i løpet av dei siste femti åra. Det ser ut til å ha blitt viktigare for folk å ha ein plass å vere framfor bygningen enn å plassere han så nær sjøen som mogleg. Av nausta frå før 1970 har over to tredelar ei form for båtstø. For dei eldre sjøhusa er kant det vanlegaste forholdet til sjøen. Av nausta frå etter 1970, har no mange fleire kai enn båtstø. Ei enda tydlegare utvikling har skjedd for sjøhusa, der nesten alle no har kaiar. Utforminga med kant mot sjøen har så godt som teke slutt. I begge desse tilfella er ei endring mot større avstand og mindre kontakt med sjøen tydeleg. Den vanlege utforminga av sjøhus, med vindehus, gjev mykje meir mening i det opphavlege konteksten. Med vindehusa hengande utover sjøen, kunne ein heise last rett opp frå og ned i båtane. I nye sjøhus med kai på framsida er vindehusa ulogisk posisjonert. Ein del stader er det òg verandaar eller gjerder i vegen.



Figur 16: Gamle sjøhus i Buavåg med vindehus og kant mot sjøen. Foto: Forfattaren.

Mange av stadene der nye sjøbruksbygningar har blitt bygde med kai framfor, ligg nok ikkje forholda til rette for båtstø. Slik er det likevel ikkje i alle tilfelle. Det er fleire døme på at naust som hadde båtstø i 1970 no har fått ein kai i staden for.

<b>Naust og sjøhus: Forhold til sjøen</b>	<b>Før 1970: Naust (totalt 222)</b>	<b>Etter 1970: Naust (totalt 287)</b>	<b>Før 1970: Sjøhus (totalt 57)</b>	<b>Etter 1970: Sjøhus (totalt 216)</b>
Båtstø	150 (68 %)	108 (38 %)	15 (26 %)	18 (8 %)
Kant	37 (17 %)	18 (6 %)	23 (40 %)	4 (2 %)
Kai	35 (16 %)	161 (56 %)	19 (33 %)	194 (90 %)

Figur 17: Del av naust og sjøhus frå før og etter 1970 som har båtstø, kant og kai. Materiell inndeling. Tal på bygningar og prosentfordeling innan bygningstype og periode.

Vindehus eller kaikranar fortel i utgangspunktet at nokon har hatt behov for å heise noko, enten dette er last eller båt, opp frå sjøen. Dette er truleg den reelle funksjonen i eldre bygningar med vindehus, og på stader med kaikran. I bygningar med vindehus frå dei siste tiåra derimot, er ikkje dette nødvendigvis tilfellet. Det har vore ei stor auke i delen av bygningane som har vindehus. Mange nye sjøbruksbygningar har ein utstikkande konstruksjon som ser ut som eit vindehus, og er registrert som dette. Når eg har sett nærare på desse derimot, har det for det meste vist seg at desse berre er til pynt. Det ser difor ut til at dette materielle elementet har gått over frå å vere funksjonelt i eldre bygningar til å bli eit dekorativt element i nyare byggjeskikk. Dette er særleg tydeleg der bygningane har “vindehus”, men òg kaikran. Dette understrekar at vindehuset truleg ikkje har nokon funksjon, med mindre ein treng å heise noko vidare opp i bygningen. Kaikranen er i desse tilfella eit funksjonelt element, medan vindehusa er dekor. Mange bygningar med vindehus har store dører mot sjøen i fleire etasjar, som frå gammalt av var der ein tok inn last. Nokre av dei nyare bygningane med dører oppe har falske dører med vindaug bak, eller dører som går ut til ein veranda. Det er i desse tilfella tydeleg at desse berre er referansar til dei tidlegare funksjonane til denne typen bygningar, utan å vere laga for desse funksjonane sjølv. Elementa er likevel koplingar til fortida og ei vidareføring av element knytt til tidlegare bruk.

<b>Kontakt med sjøen</b>	<b>Før 1970 (totalt 299)</b>	<b>Etter 1970 (totalt 579)</b>
Båtstø	167 (56%)	133 (23 %)
Vindehus	28 (9 %)	238 (41 %)
Kaikran	22 (7 %)	89 (15 %)
Båtstø, vindehus og/eller kaikran	206 (69 %)	403 (70 %)
Verken båtstø, vindehus eller kaikran	93 (31 %)	176 (30 %)

Figur 18: Bygningane sin kontakt med sjøen i form av båtstøer, vindehus og kaikranar. Materiell inndeling. Tal på bygningar og prosent av bygningane i perioden.



Kaikranane finst først og fremst i tilknytning til nyare sjøbruksbygningar (figur 18). Dei er særleg ved mellomstore naust og sjøhus, og nesten berre på kaiar. Først viser dette til at desse bygningane, i motsetning til ein del nye sjøhus som først og fremst fungerer som hytter, er bruksbygningar der det er eit behov for å kunne heise opp båtar og/eller last. Vindehus treng ikkje, som eg har diskutert, å reflektere bygningen sin funksjon. Kaikranar derimot, har truleg ikkje nokon dekorativ funksjon. Dei er difor meir direkte knytt til bruk. Dei speglar òg hamneforholda. Dei finst på stader som har blitt utbygde i nyare tid, der hamneforholda ikkje ligg til rette for båtstø eller andre måtar å lett få båtar på land. Det kan òg vere fordi kai har blitt den nye standarden, slik at sjøbruksbygningar vert bygde utan båtstø sjølv om det er mogleg. Bygningane med kaikran har for det meste ein del større grunnflate enn dei minste nausta. Dette kan gjerne forklarast med at dei minste nausta berre har plass til små båtar som dei klarar å få på land på andre måtar, og ofte har båtstø. Dei nye, store sjøhusa ser for det meste ut til å vere først og fremst hytter utan nyttefunksjonar. Dei mellomstore bygningane derimot, har plass til noko større båtar som dei treng meir enn berre armstyrke for å få på land. Det kjem tydeleg fram her, som Haraway og andre hevda, at endringar i menneskeleg aktivitet har hatt stor innverknad på utforminga av sjøbruksbygningane.<sup>128</sup>

Som tabellen over (figur 18) viser, er delen av sjøbruksbygningane før og etter 1970 som har og ikkje har båtstø, kaikran eller vindehus (litt under ein tredel) nokså uendra. Innhaldet i desse tala har derimot endra seg. Ein mykje mindre del av bygningane etter 1970 har båtstø, medan mange fleire har vindehus. Sjølv om eg ikkje har tal på dette, er det tydeleg at mange av vindehusa berre er til pynt. Det er likevel ikkje slik at ingen av dei nyare bygningane har lagt til rette for båtar eller last. Nesten ein fjerdedel har båtstø, ein god del har kaikran, og ein del av vindehusa er funksjonelle, sjølv om det er vanskeleg å seie sikkert kor mange. Reknar eg med at mange av vindehusa berre er dekor, har nok sjøbruksbygningane frå etter 1970 mindre kontakt mellom bygning og sjø enn dei eldre bygningane. Truleg er det mindre viktig å få båtar eller last enkelt inn og ut av bygningane enn tidlegare.

### **Generell utsjånad**

Ein generell tendens som har blitt tydeleg, sjølv om han ikkje er like lett å talfeste, er at ein stor del av sjøbruksbygningane ser mindre ut som dei tradisjonelle bruksbygningane, og meir ut som feriebusader. Ein del av dette generelle uttrykket er knytt til ting eg har registrert, som storleik, etasjar, forhold til sjøen, og vindaug. Eg har ikkje registrert mengda vindaug, og

---

<sup>128</sup> Damsholt og Simonsen, "Materialiseringer: Processer, relationer og performativitet," 21.

mange av dei nye bygningane har mange og store vindaug. Likevel kan eg seie at utviklinga i stor grad har gått frå eitt lite eller ingen til fleire og større vindaug. Eg har heller ikkje konsekvent registrert verandaar og liknande, noko mange nyare bygningar har. òg elementa eg har registrert som indikatorar på bruk, som båtdører og vindehus, har ikkje nødvendigvis noko med bruk å gjere, og meir med formelle krav til utforming. Mange av båtdørene er glasdører eller avsperra på måtar som gjer at det ikkje eigentleg er mogleg å få ein båt gjennom dei. Dei tydelege tendensane til at det er mange nokså likt utforma bygningar frå same periode, peiker mot normeringa som skjer i område, skildra av Christensen.<sup>129</sup> Mange stader er ting som gardiner, pyntegjenstandar og møblar synlege frå utsida. Dette gjer det sannsynleg at bygningane først og fremst er i bruk som fritidsbustad. Det er òg eit tydeleg større fokus på uteområde. Nyare sjøbruksbygningar har ofte nokså god plass utanfor, med romslege kaiar og/eller verandaar, og gjerne element som hagemøblar og bålpanner. Desse elementa viser korleis endringar i menneskeleg bruk har påverka sjøbruksbygningane, slik at materialiteten har utvikla seg i takt med menneska som bruker bygningane. Sjølv om det finst mange måtar å tolke desse funna på. Likevel set funna, som Slottemo påpeiker, nokså klare rammer for dei slutningane som kan trekkast frå bygningane og utviklinga deira.<sup>130</sup>



*Figur 19: Middels store identiske naust med stor kai, parkbord utanfor, dekorative vindehus og feste til kaikran. Foto: Forfattaren.*

<sup>129</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 13.

<sup>130</sup> Slottemo, "Mening og materialitet i lokal tettstedsutvikling, 237-38.

## Manglande bruk

Ruinar og falleferdige bygningar fortel om ein overgang frå bruk til manglande bruk ein gong i tida. Eg er mest interessert i dei bygningane som har blitt ruinar, eller har blitt betydeleg reduserte, etter 1970. Desse viser ein overgang til manglande bruk og vedlikehald i nyare tid. Bygningane kan til dømes ha forfalle på grunn av manglande behov, interesse, konflikttat mellom medeigarar, tid eller økonomi, eller at bygningen ikkje er eigna til dagens bruk. Utsetjing av enkelt vedlikehaldsarbeid er særleg uheldig, då det er enklare å redde bygningar med jamleg vedlikehald enn å vente til dei må restaurerast.<sup>131</sup> Spor etter manglande bruk er oftast spor etter manglande vedlikehald. Flassande maling, rotnande veggar, knuste vindauge og gjengrodde omgjevnader kan vere teikn på at ein bygning ikkje lenger har nokon funksjon. Svært gjengrodde omgjevnader og manglande vegtilgang kan òg vere teikn på manglande bruk, sjølv om det ikkje treng å tyde dette.

Ein del bygningar har forsvunne brått i nyare tid på grunn av riving. Dette gjeld særleg eit stort industriområde som stadig utvidar seg og slukar sjøbruksbygningar på vegen. Det går igjen på stader der det har skjedd betydelege endringar. Av bygningane som er i dårleg stand, ligg mange av dei i gamle sjøbruksmiljø, og ein god del av dei er SEFRAK-registrerte (altså frå før 1900). Ein del ligg i vêrutsette viker. Sjølv om det er nokre unntak, særleg i form av nokre nokså falleferdige bygningar som ligg i vågar kor mange ferdast, ser det ut til at fleirtalet av dei mest samanraste bygningane som ikkje har blitt fjerna heilt ligg på bortgøynde stader der dei ikkje vert sett av så mange. Bygningar som har forsvunne heilt eller neste i løpet av dei siste femti åra ligg i større grad i vågar og andre folkerike område. Det kan vere ein samanheng mellom kor ofte bygningane blir sett og kva som skjer med dei når dei går ut av bruk. Dei som ligg bortgøynd får i større grad bli gamle 'naturleg'. Dei som blir sett av mange blir oftare fjerna, slik at ikkje ein kollapsa bygning forstyrrar heilskapen. Eit anna poeng er at på stader med fleire folk og bygningar skjer det gjerne fleire og raskare endringar. Bygningar vert fjerna for å gje plass til nye prosjekt, eigedommar skiftar eigarar, og ein falleferdig bygning får ikkje lov til å ta opp plass utan at nokon gjer noko med han. Sjøbruksbygningane som har gått ut av bruk kan vere bygningar som ikkje passar inn i den utviklinga som har skjedd i samfunnet, og som er ugunstige for dagens formål.

---

<sup>131</sup> Odd Arne Rudi, " 'Lat andre sleppa til!,' " i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, red. Else Sprossa Rønnevig (Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018), 167-170.

## Samfunnsendringar

No som eg har sett på forholdet mellom dei materielle bygningane, landskap og bruk, vil eg diskutere denne bruken og utforminga i eit endringsperspektiv, gjennom spørsmålet “Korleis har dei lokale og regionale samfunnsendringane påverka sjøbruksbygningane?” Som eg har vore inne på tidlegare, er den kulturelle konteksten og endringar i samfunnet viktige for å forstå dei materielle endringane.<sup>132</sup> Ting og kultur er nært relaterte. Ifølgje Christensen, er bygningane, i samspel med kulturen, alltid i ein prosess mot å bli noko anna.<sup>133</sup> Eg vil diskutere nokre utvalde samfunnsendringar som er relevante for sjøbruksbygningperspektivet, og kva desse kan bety for endringar i utforming og bruk bygningane. Dette vil bli knytt opp mot funna som har blitt diskutert tidlegare i oppgåva. Inspirert av den tidlegare skildra landskapsanalysen vil eg sjå på korleis sentrale utviklingstrekk kjem fram i bygningane og landskapskonteksten, og korleis fortida eksisterer i desse bygningane i dag.<sup>134</sup>

### Endra næringsgrunnlag

Samfunnsendringane som har påverka bruken av sjøbruksbygningar dei siste femti åra er i stor grad prosessar som alt var i gong før dette. Eg vil likevel fokusere på endringane som har skjedd etter 1970, som er omtrent når mange av prosessane eg diskuterer verkeleg vart tydelege. Funnet av olje på norsk sokkel og den byrjande oljeproduksjonen rundt 1970 var eit viktig vendepunkt for Vestlandet.<sup>135</sup> Olje- og gassindustrien har vore den viktigaste grunnen til verdivekst i området dei siste tiåra, og har hatt mykje å seie for korleis samfunnet har utvikla seg.<sup>136</sup> Dei store inntektene frå denne næringa har hatt stor innverknad på både offentleg og privat økonomi. Dagens ‘velferdskommune’ kan knytast direkte til oljeinntektene.<sup>137</sup> Høg løn i oljesektoren hatt store ringverknadar og ført til høgare privat kjøpekraft og forbruk på Vestlandet, og endra haldningar til ressursar og pengebruk.<sup>138</sup> Den sterke økonomiske situasjonen mange er i på grunn av olja har bidratt til at mange som har råd til det har valt å byggje hus og hytter langs sjølinja, som no har blitt eit høgstatusområde.<sup>139</sup>

---

<sup>132</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 165.

<sup>133</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 18-22.

<sup>134</sup> Swensen et al., *Landskap under press*, 9.

<sup>135</sup> Regjeringen, “Norsk oljehistorie på 5 minutter,” sist endra 20. mars 2019,

<https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/olje-og-gass/norsk-oljehistorie-pa-5-minutter/id440538/>.

<sup>136</sup> Gunnar Nerheim, “Frigjort fra fjorden,” i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1, red. Knut Helle (Bergen: Vigmstad & Bjørke, 2006), 228.

<sup>137</sup> Bukve, Farsund og Amdam, “Næringsliv og sysselsetjing i vår tid,” 301.

<sup>138</sup> Bukve, Farsund og Amdam, “Næringsliv og sysselsetjing i vår tid,” 312-14.

<sup>139</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 185.

Behovet for sjøbruksbygningar som ein del av kvardagen og inntekta har blitt mykje mindre etter andre verdskrig, og særleg dei siste femti åra. Etter 1950 har fiskerinæringa blitt meir og meir profesjonalisert, med meir avansert utstyr og store båtar. Denne utviklinga vart forsterka av at den siste perioden med vårsildfiske tok slutt i 1970. Dette hadde vore ein viktig grunn til at det tradisjonelle fisket varte lenger på vestlandskysten enn andre stader i landet.

Kombinasjonen av desse faktorane har ført til at svært få i området jobbar i denne næringa.<sup>140</sup>

Etter 1970 slutta det gradvis å vere lønsamt med små gardsbruk. Marknaden stilte krav til at jordbruket skulle produsere meir og meir effektivt. Dette har ført til meir spesialisert storskalalandbruk, der bøndene berre driv med ein ting, i staden for det tradisjonelle mangesysleriet. Mange små bruk har blitt nedlagt.<sup>141</sup> I 2005 hadde mengda gardar på Vestlandet som var i drift i 1960 blitt nesten halvert, og denne utviklinga held fram.<sup>142</sup> Sidan dei fleste bøndene har prioritert effektivisert gardsbruk over kombinasjonsbruk med fiske, har jordbruket sitt fokus flytta lenger inn i landet.<sup>143</sup> Som eit resultat har fokuset flytta seg vekk frå gardsnausta. I dag jobbar fleirtalet på Vestlandet innan offentleg og privat tenesteyting, medan primær- og sekundærnæringane har blitt sterkt redusert.<sup>144</sup> Folk flest har difor ikkje noko forhold til sjøen som ressursgrunnlag, og til sjøbrukbygningar som nyttebygningar.

### **Økonomiske forhold og utbygging**

Som eg var inne på har privatpersonar sin økonomiske situasjon endra seg mykje dei siste femti åra. I åra då dei fleste var bønder og fiskarar, var det nok ikkje så mykje pengar til overs for mange, sjølv om det i periodar kunne vere mykje pengar i sildefisket, og mange flytta til området på grunn av dette.<sup>145</sup> Etter 1970 har området mellom Bergen og Stavanger fått sterk sysselsetjing, god løn, høgt forbruk og få levekårsproblem samanlikna med resten av landet.<sup>146</sup> Med auka velstand i samfunnet, er det mange som nyttar bygningar som ein måte å kommunisere den sosiale statusen sin til andre. Dette har ført til mange bygningar langs kysten som prøver å imponere. Mange bruker òg desse bygningane til å prøve å verke rikare enn dei eigentleg er. Dette gjeld i størst grad tilflyttarar og hyttefolk. Det er generelt mindre viktig for folk som har kjent naboane sine i fleire generasjonar å vise status og rikdom. Gode

---

<sup>140</sup> Kolle og Haaland, "Den sjøvende landsdelen," 176-179.

<sup>141</sup> Bukve, Farsund og Amdam, "Næringsliv og sysselsetjing i vår tid," 305-06.

<sup>142</sup> Øye, "Landbruket i historisk lys," 128.

<sup>143</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 81.

<sup>144</sup> Bukve, Farsund og Amdam, "Næringsliv og sysselsetjing i vår tid," 297-98.

<sup>145</sup> Øye, "Landbruket i historisk lys," 117.

<sup>146</sup> Ottar Grepstad, "Et sluttord om Vestlandet," Knut Helle, i *Kultur*, Vestlandets historie 3, red. Knut Helle (Bergen: Vigmstad & Bjørke, 2006), 411.



tider har altså ført til at folk kan bygge større og flottare bygningar, både for å oppfylle egne ønskjer og vise seg fram for omverda. Særleg ved høgkonjunkturar, som vårsildfiske, og i nyare tid oljenæringa, har auka velstand gjort at folk har funne nye måtar å imponere med bygningar, og nye byggeskikkar har blitt innlemma i den lokale kulturen.<sup>147</sup>

Dei fleste eldre sjøbruksbygningane er bygde for å oppfylle behov knytt til drift. Desse bygningane har ofte nokså lik utforming, men likevel eit individuelt særpreg, sidan dei bygde ut frå einskilde behov og forutsetningar. Nyare sjøbruksbygningar er ofte ein del av store utbyggingsprosjekt som ofte består av rekkjer med identiske bygningar. Dette resulterer i nokså like bygningar mange stader.<sup>148</sup> Vi har enda opp med lange, monotone naust- og sjøhusrekker som dominerer landskapet, bygde av profesjonelle eigedomsutviklarar som vil maksimere utbyttet i eit strandsoneområde. Denne typen byggeprosjekt, og eigentleg alle sjøbruksbygningar som ikkje vert bygde av lokale etter lokale skikkar, gjer at stader får mindre særpreg enn tidlegare, og går inn i ein større byggeskikk utan lokal tilpassing.<sup>149</sup> Dette kan gjere bygningane mindre eigna til dei lokale forholda. Utbygging kan òg skjule spor etter tidlegare bruk av eit område.<sup>150</sup> I Sveio viser den store auka i talet på bygningar og utbyggingsprosjekt at mange har pengar til og interesse for bygningar ved sjøen.



Figur 20: Moderne utbygging saman med det som er att av den historiske handelsstaden på Tjernagelholmen. Foto: Forfattaren.

<sup>147</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 23-26.

<sup>148</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 285.

<sup>149</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 328-29.

<sup>150</sup> Hauge, Austad og Pettersson, "Kulturlandskap på dagsordenen," 219.

## Endra byggeskikk

Byggeskikken er ein prosess som kan sjåast både i nye bygningar og endring av gamle bygningar. Prosessen med utvikling av ny byggeskikk kan ta fleire retningar som utviklar seg ulikt og eksisterer samstundes.<sup>151</sup> Sjølv om utviklinga i stor grad har gått mot større sjøbruksbygningar retta mot rekreasjon, vert det òg bygd nye naust til meir tradisjonell bruk. Desse er begge vidareføringar av eldre byggeskikk, men på ulike måtar. Den eldre sjøbruksbyggeskikken var tett knytt opp mot den enkle byggeskikken til bøndene.<sup>152</sup> Over tid har byggeskikken teke imot impulsar frå rikare grupper i samfunnet og integrert dette i dei lokale tradisjonane. Slik har mange av bygningane har blitt større og meir staselege.<sup>153</sup>

Folk flest er likevel nokså konservative i når det gjeld bygningar. Sjølv om byggeskikken endrar seg gradvis og vert påverka av impulsar utanfrå, er mange av elementa stabile over tid.<sup>154</sup> Nye bygningar er på mange måtar bygde innanfor aksepterte lokale byggekonvensjonar.<sup>155</sup> Dette kjem fram i dei moderne sjøhusa. Dei har ofte mange og store vindauge, verandaar og uteområde framfor bygningen, og er innreia for rekreasjon. Likevel har dei ofte omtrent den same utforminga som eldre sjøhus, med gavlen mot sjøen, vindehus og store dører mot sjøen i fleire etasjar. Dei refererer tilbake til den byggeskikken dei er ei vidareutvikling av. Dette kan vere ein del av et ønske om å skape eit inntrykk av tradisjon, sjølv i nye bygningar.<sup>156</sup> Desse nye bygningane står òg ofte side om side med eldre sjøbruksbygningar, og forsøker gjerne å vere ein del av den same visuelle tradisjonen.



Figur 21: Mange stader forsøker nye bygningar å passe inn i den eksisterande visuelle heilskapen. Døme frå blanda sjøbruksmiljø i Rødsaga og Nilsavika. Foto: Forfattaren.

<sup>151</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 13.

<sup>152</sup> Brochmann, *Bygget i Norge*, 270.

<sup>153</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 6.

<sup>154</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 308.

<sup>155</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 13.

<sup>156</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 333.



Etter andre verdenskrig vaks ferdighusmarknaden fram.<sup>157</sup> Dette har blitt svært vanleg i nyare tid, og det er difor ikkje overraskande at normeringa av sjøbruksbygningar har blitt sterk. Desse masseproduserte bygningane finst i mange storleikar og variantar, men ser tydeleg ut som dei er ein del av den same moderne tolkinga av naust og sjøhus.<sup>158</sup> Uansett storleik er det svært mange av dei nye sjøbruksbygningane som har lik fasong, er kvite med oransje takpanner, har kai på framsida, store vindauge, dekorative vindehus og store dører, gjerne i fleire etasjar. Samstundes som desse elementa er ei tolking av den eldre byggeskikken, har det òg blitt ei eigen og moderne bygningsform. Byggeskikken langs vestlandskysten er i stor grad prega av kontinuitet, sjølv om han har fått ein nytt innhald.<sup>159</sup> Heile kulturen har endra seg, men dei fleste som har eit nært forhold til sjøen i dag ser ut til å ville halde på ei nostalgisk ytre utforming av sjø(bruks)bygningar. Innvendig kan dei oppfylle alle krava til det moderne livet ved sjøen.



Figur 22: Utbygging og ny byggeskikk kan føre til område som dette, med mange like sjøhus.. Foto: Forfattaren.

Tradisjonelt sett har byggeskikken langs kysten vore utvikla og tilpassa lokale forhold gjennom generasjonar. Den moderne arkitekturen har endra seg mykje i løpet av få år, og har då gjerne ikkje hatt tid til eller fokus på å tilpasse seg dei lokale forholda. Det er vanskeleg for utanforståande arkitektar å skape noko som eignar seg like godt til dei lokale forholda som dei erfaringsbaserte eldre bygningane. Tidlegare vart byggjeskikken forma av geografi, klima,

---

<sup>157</sup> Edgar Hovland, "Fra tynne tråder betongklosser," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1, red. Knut Helle (Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006), 283.

<sup>158</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 24.

<sup>159</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 308.



samfunnstrukturar, tilgjengelege ressursar og tekniske ferdigheiter, noko som har blitt mindre sentralt i dag.<sup>160</sup> Utbyggjarar gjer nok lurt i å sjå mot tidlegare byggeskikk i arbeidet sitt. Denne inneheld mykje verdifull kunnskap om den lokale kystkulturen.<sup>161</sup>

### **Oppbevaring av båtar**

Behovet for å ha ein innadørs oppbevaringsplass til båten, særleg ein stad kor båten kan trekkast på land etter kvar gong han har blitt brukt, har blitt mindre. Dette er det fleire grunnar til. Éin er at dei fleste moderne båtar er laga av glasfiber og polyester, ulike typar plast, eller aluminium. Desse toler å vere ute mykje meir enn trebåtar gjer.<sup>162</sup> Tre vert påverka av vatn og sol, og bryt ned over tid. Trebåtar vart gjerne tekne inn i kvar dag for å verne dei mot elementa. Det var då viktig med ei god båtstø for å gjere dette lettast mogleg.<sup>163</sup> Plast er eit nokså evigvarande materiale som toler mykje. Dette opnar for å la båtar ligge ute på sjøen store delar av året, og slik sleppe å ta båten inn og ut av naustet. Mange vel å oppbevare båtar på båthengar heime utanom sesongen, eller på 'båthotell'. Tendensen mot mindre kontakt mellom bygning og sjø speglar denne utviklinga. Moloar som vernar båtar som ligg ute mellom bruk er òg ei vaksande trend.<sup>164</sup> Mange moderne båtar er òg for store til at det er praktisk å oppbevare dei inne. Det faktum at mange båtar ligg ute heile året, sjølv om eigarane har sjøbruksbygningar, peiker mot at arealet inne vert brukt til noko anna.

### **Rekreasjon og interesse for strandlinja**

Før 1970 var dei fleste sjøbruksbygningane enten nokså små gardsnaust eller større sjøhus knytt til handel, større verksemd og produksjon. Dette har endra seg drastisk i nyare tid. For det første har mange fått råd til å kjøpe seg sjøbruksbygningar utan at dette er knytt til behov, som eg har vore innom tidlegare. For det andre har frammarsjen av konseptet fritid drastisk endra folk sitt forhold til sjøbruksbygningar. I staden for å vere ein del av kvardagen, har sjøbruksbygningar for mange blitt ein stad dei reiser til for å slappe av. Båt og fiske er gjerne ein del av opplevinga, men er ikkje naudsynt for livsgrunnlaget. Med denne endringa, er det ikkje overraskande at bygningane har blitt større, lysare og meir behagelege å vere i og rundt enn tidlegare. Naust og sjøhus har òg tidlegare vore arenaar for sosialt samvær, først og

---

<sup>160</sup> Brochmann, *Bygget i Norge*, 14-15.

<sup>161</sup> Hauge, Austad og Pettersson, "Kulturlandskap på dagsordenen," 220

<sup>162</sup> Jon Winge, "Båtmaterialene," *Aftenposten*, sist oppdatert 20. oktober 2011, <https://www.aftenposten.no/norge/i/IVVPo/baatmaterialene>.

<sup>163</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 112.

<sup>164</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 88.

fremst i arbeidssamanheng, men òg knytt til andre hendingar i livet.<sup>165</sup> No er arbeidselementet for mange fjerna, og bygningen handlar berre om rekreasjon.

I nyare tid har mange byfolk fått seg hytter og sjøhus på landet. Mange frå Haugesund ferierer i Sveio. Kystlandskapet har gradvis endra seg frå å bli sett på som eit “nyttelandskap” knytt til arbeid til å bli eit “nytingslandskap” der ein kan slappe av og finne ro.<sup>166</sup> Fram til rundt 1960 var ikkje fritid noko som fanst for bøndene, og det var ikkje sett på som sosialt akseptabelt for dei å slappe av i naturen.<sup>167</sup> Etter dette byrja det å bli vanlegare for bøndene òg å kunne nytte landskapet til rekreasjon.<sup>168</sup> Det har blitt eit tydlegare skilje mellom jobb og fritid, særleg for bøndene. Sjølv om det er få i Sveio i dag som har sjøen som leveveg, er det likevel mange som har eit nært forhold til sjøen, båtar, fiske og sjøbruksbygningar. Tidlegare var sjøbruksbygningane ein del av eit arbeidslandskap.<sup>169</sup> Dagens kystlandskap har for dei fleste liten tilknytning til arbeid.

Interessa for strandsona har auka. Meir fritid og betre økonomi har ført til auka etterspørsel etter fritidseigedommar nær naturen, og sjøeigedommar har blitt høgt ettertrakta, dyre og meir tilrettelagt for rekreasjon.<sup>170</sup> Velståande ferierande dominerer mange stader kystlandskapet med ”hyttebygging og en raskt voksende armada av stadig kostbarere lystbåter, som også trenger marinaer og servicefasiliteter av ulike slag.”<sup>171</sup> Det ser ut til å ha blitt større fokus på bygningane som opphaldsstader, med fleire vindauge, meir plass og fine uteområde. Den endra bruken verkar òg inn på plasseringa av sjøbruksbygningane. I motsetning til naust til nyttebruk, treng ikkje rekreasjonsbygningar å ligge i nærleiken av bustaden. Krava til plassering er difor meir fleksible, og folk ser annleis på kva som er ei god plassering.

### **Linjer og punkt i landskapet**

Folk bur og beveger seg på andre måtar enn tidlegare, og dette har endra bruk og plassering av sjøbruksbygningar. Utviklinga har drastisk endra punkta folk oppsøker og linjene mellom dei, som Christensen har skildra.<sup>172</sup> Tidlegare var nausta ofte samla i gode hamner, men det var likevel viktig at dei var nær der folk budde. Før folk fekk bilar, var sjøen bindeleddet med verda. Etter at privatbilismen vart dominerande på 60- og 70-talet, endra dette seg fullstendig,

---

<sup>165</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 112.

<sup>166</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 250.

<sup>167</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 258.

<sup>168</sup> Erik Fossåskaret, ”Vestlandssamfunnet i dag,” i *Samfunn*, Vestlandets historie 2, red. Knut Helle (Bergen: Vigmstad & Bjørke, 2006) Erik Fossåskaret

<sup>169</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 327.

<sup>170</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 262.

<sup>171</sup> Kolle og Haaland, “Den sjøvende landsdelen,” 185.

<sup>172</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 265.

og sjøen vart ei hindring.<sup>173</sup> <sup>174</sup> No kan ein raskt komme seg til andre stader med bil, og sjøbruksbygningane kan godt ligge eit stykke frå bustaden. Bilen førte til at folk flytta vekk frå sjøen og mot vegane. Han har òg gjort det mogleg for folk frå andre kommunar å ha sjøbruksbygningar i Sveio. Overgangen til vegar har òg gjort at stader som tidlegare var sentrale hamner har blitt avsidesliggjande.<sup>175</sup> Dette gjeld særleg på stader utan bilveg. Samstundes har nye område blitt gjort tilgjengelege med bil og utvikla til samlingspunkt for sjøbruksbygningar.

### **Kulturminnepraksis**

Endringane eg har diskutert så langt handlar først og fremst om overgangen frå nytte- til rekreasjonsformål. Nokre av bygningane har i staden gått over til å ha funksjon som kulturarv, gjennom offentleg vern. Når ein bygning vert verna, endrar funksjonen og materialiteten seg. Det er ikkje lenger ein rein bruksbygning, sjølv om denne funksjonen gjerne òg kan halde fram, men har blitt ein bygning med verdiar og funksjonar som *kulturminne*.

Det tidlege kultminnevernet var mest interessert i overklassen og bøndene i innlandet sine kulturminne. Verdisynet byrja i stor grad å endre seg rundt 1970. Heile samanhengar fekk merksemd, ikkje berre bygningane sin eigenverdi.<sup>176</sup> Haldningane til kulturminneforvaltning byrja å fokusere på fleire typar kulturminne, inkludert minne frå kystkulturen.<sup>177</sup> Nyleg har Riksantikvaren jobba med å få kommunane til å ta betre vare på kulturminna sine gjennom prosjektet *Kulturminne i kommunen (KIK)*.<sup>178</sup> Dette har vore viktig for mange kystkommunar, inkludert Sveio, i arbeidet med å få betre oversikt over og få verna bygningar langs sjøen.

I likeheit med vêr og vind, kan òg kulturminneforvaltning påverke bygningane. Vern kan vere viktig for sjøbruksbygningar som har mista den opphavlege funksjonen sin.<sup>179</sup> Desse er særleg utsette for å gå tapt.<sup>180</sup> Bygningar utan bruksområde som passar inn i notida sine trendar og behov kan lett bli nedprioriterte, øydelagde av kortsiktige tilpassingar eller erstatta med meir moderne bygningar.<sup>181</sup> Bygningar treng ein funksjon, enten dette er ei vidareføring av

---

<sup>173</sup> Nerheim, "Frigjort fra fjorden," 213.

<sup>174</sup> Christensen, *Det norske landskapet*, 319.

<sup>175</sup> Nerheim, "Frigjort fra fjorden," 213.

<sup>176</sup> Marit Adelsten Jensen, Kjetil Monstad, and Mons Kvamme. "Kulturlandskap på museum – Er det mulig i praksis? Utfordringer og erfaringer fra det freda kulturmiljøet Havrå." *Heimen* 49, no. 3 (2012): 326.

<sup>177</sup> Arne Lie Christensen, *Kunsten å bevare: Om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge*, (Oslo: Pax Forlag, 2011), 136.

<sup>178</sup> Riksantikvaren, "Kulturminne i kommunen," sist endra 27. april 2021, <https://www.riksantikvaren.no/kik/>.

<sup>179</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 64.

<sup>180</sup> Trond J. Hansen, *Naust: Sjøhusene langs kysten* (Bryne: Jæren Forlag, 2018), 7.

<sup>181</sup> Rudi, " 'Lat andre sleppa til!,' " 163-64.

tidlegare bruk eller ny bruk for dagens behov.<sup>182</sup> Vern kan til dømes hjelpe ved at eigar får tilgang til offentlege og private tilskotsordningar. Gjennom lokal forvaltning hjelp kommunane eigarar av kulturminne med å finne gode løysningar for bruk og bevaring. Ein kan til dømes få tilskot og rettleiing av kommunen og fylkeskommunen, og fritak frå eigedomsskatt. Vern av bygningane set restriksjonar og føresegner for kva ein kan gjere og ikkje gjere. Nokre bygningar er registrerte som kulturminne, men ikkje formelt verna. Kommunen kan her rettleie eigarar, men har avgrensa høve til å bestemme over bruk og endring.<sup>183</sup>

Dei verna sjøbruksbygningane i området er i svært varierende stand. Nokre er godt vedlikehaldne. Andre held på å falle saman. Vern kan ha bidratt til å bevare bygningar som elles ville ha gått tapt. Tilskot og rettleiing kan vere til stor hjelp og motivasjon for eigarar av bygningar som gjerne elles ville blitt sett på som ugunstige. Elles kunne gjerne desse bygningane blitt erstatta eller bygde om for å betre få utnytta strandlinja til dagens formål. Hjelp og støtte frå kommunen kan ha bidratt til å redusere fråfallet av sjøbruksbygningar nokre stader. Mange treng hjelp for å komme i gong med å ta vare på dei bygningane dei eig.<sup>184</sup> Det er difor viktig at kommunen kan tilby denne hjelpa. Det er likevel eit problem at verna bygningar forsvinn eller vert bygde om utan løyve.<sup>185</sup> Samstundes er det mange eigarar som vidarefører bruk av bygningar og bevarer eigenskapane deira sjølv, utan behov for offentleg innverknad.<sup>186</sup> I ein del tilfelle kan vern vere ei hindring for vidareføring av drift som er ein viktig del av den lokale kulturen. Det er då ikkje nødvendigvis vern som er den beste løysninga, sjølv om det er viktig å bevare bygningen og drifta.<sup>187</sup>

Vern kan føre til utfordringar. “Vern gjennom bruk” er eit overordna mål.<sup>188</sup> Likevel kan restriksjonar føre til utfordringa med å leggje til rette for ny og relevant bruk av bygningen. Vedlikehald kan ende opp med å ikkje bli gjort fordi rammene er strenge. Vern kan òg “fryse” den naturlege utviklinga til bygningar som tidlegare har tilpassa seg mange ulike tider. Forsøk på å restaurere ein bygning på autentisk vis kan, avhengig av kva som blir gjort og korleis, resultere i ein slags imitasjon av historia, heller enn noko som reflekterer den faktiske historia til bygningen. Prosjekt som vert framstilte som restaurering kan òg ende opp med å bli rein

---

<sup>182</sup> Torstein Arisholm, “ ‘Just in time’ ,” i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, red. Else Sprossa Rønnevig (Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018), 158.

<sup>183</sup> *Kulturminne i Sveio*, 159-164.

<sup>184</sup> Svein Harald Holmen, “Vardø Restored – Kulturminnearbeid mot alle odds,” i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, red. Else Sprossa Rønnevig (Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018), 131.

<sup>185</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 183.

<sup>186</sup> Rudi, “ ‘Lat andre sleppa til!’ ,” 171.

<sup>187</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 182.

<sup>188</sup> *Kulturminne i Sveio*, 169.

riving og gjenoppbygging, der bygningen vert forsøkt bygd opp att på tradisjonelt vis, men endar meir opp som ein forflata stilkopi med standardmateriale. Desse blandar ofte element frå ulike periodar, gjerne ubevisst. Ein del sjøbruksbygningar i Sveio ser ut til å vere forsøk på å gjenoppbygge eldre bygningar, men som ikkje gjev eit “autentisk” inntrykk (sjølv om det finst ulike måtar å sjå på kva som er autentisk).<sup>189</sup> Mange reflekterer ikkje over kor “ekte” desse kopiane er som historiske bygningar. I nokre situasjonar der forfallet har kome så langt at restaurering kan redusere autentisiteten betydeleg, og der bygningen ikkje har eit aktuelt bruksområde, kan det argumenterast for at det er betre å la bygningen “dø i skjønnhet.”<sup>190</sup>

Utbygging kan komme i konflikt med kulturminnevernet. Gamle sjøbruksbygningar kan tape mot nye og moderne bygningar, der dei gamle bygningane ikkje passar inn eller står i vegen for dei nye. Det er ofte sterkt press retta mot lokale politikarar og byråkratar i desse samanhengane.<sup>191</sup> Bygningar som vert rekna for å ha stor verdi som kulturminne, men ingen tydeleg funksjon i dagens samfunn, vert ikkje alltid prioriterte.<sup>192</sup> Om gamle bygningar eller utbygging kan vere avhengig av ulike aktørar sine verdisyn.



Figur 23: Døme frå Tveitavika som viser korleis utbygging mange stader vert prioritert framfor vedlikehald av eldre bygningar. Foto: Forfattaren.

Når eg snakkar om alle sjøbruksbygningane som kulturarv, tek eg utgangspunkt i kulturminnelova, som seier at kulturminne er “alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt

---

<sup>189</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 210-219.

<sup>190</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 224.

<sup>191</sup> Christensen, *Kunsten å bevare*, 185.

<sup>192</sup> Arisholm, “ ‘Just in time’, ” 163-64.

fysiske miljø.”<sup>193</sup> Sjøbruksbygningane er spor etter livet langs kysten fram til i dag, og eg meiner at dei er ein viktig del av den lokale kulturen. Dei vert ikkje nødvendigvis automatisk sett på som dette. Verna og verneverdige sjøbruksbygningar er rekna for å ha høg kulturhistorisk verdi fordi dei har blitt peikte ut til å ha det. I denne prosessen vert nokre bygningar prioriterte over andre. Mange vil nok ikkje sjå på sjøbruksbygningane under eitt som kulturarv. Folk vil ofte vere mest opptekne av dei bygningane som ser finast ut. Riksantikvaren påpeiker: “Det er også viktig å merke seg at kulturminner ikke nødvendigvis behøver å være særlig gamle eller spesielt vakre for at man kan knytte dem opp til viktige kulturhistoriske forhold.”<sup>194</sup> Det er mange faktorar som må vurderast i kulturminnevernet, ikkje berre dei visuelle. Det er interessant å reflektere over kva som skjer med det som blir rekna som viktig, og med det som ikkje vert prioritert. I denne oppgåva har eg sett på sjøbruksbygningane i området under eitt som kulturarv. Samla fortel dei historia til vestkysten av Sveio, og er minne etter ulike tider, bruksområde og endringar.

---

<sup>193</sup> “Lov om kulturminner [kulturminneloven],” Lovdata, besøkt 12. Juni, 2021, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>.

<sup>194</sup> Riksantikvaren, *Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering*, 15.

## 6. Konklusjon

I denne oppgåva har eg forsøkt å svare på spørsmålet “På kva måtar har sjøbruksbygningane langs vestkysten av Sveio blitt forma ut frå faktorane landskap, praksis og samfunnsmessige endringar dei siste femti åra?” Eg har sett på historiske flyfoto, kommunale registreringar og dei fysiske bygningane i landskapet i dag for å samle inn informasjon om alder, bygningstype og bygningane si utforming. For å analysere og diskutere sjøbruksbygningane har eg nytta to sentrale teoretiske perspektiv: Materialitetsperspektivet og landskapsperspektivet. Begge desse teoriane har gjort det mogleg å utforske dei fysiske kvalitetane til bygningane. Sett opp mot viktige samfunnsendringar dei siste femti åra som kan knytast opp mot sjøbruksbygningane, har eg avdekka trekk ved bygningane sin plass og virke i samfunnsmessige praksisar og endringar i nyare tid.

På spørsmålet “Korleis har geografien forma plasseringa av sjøbruksbygningane?” viser funna mine ein tendens mot at sjøbruksbygningane har flytta seg lengre inn i landet, vekk frå dei vêrharde fiskefelta og inn i dei trygge fjordarmane. Dette peiker mot ny bruk av bygningane som ikkje er avhengig av rask tilgang til der fisken er. Miljøet bygningane ligg i har òg endra seg. Særleg har det vore ei endring mot at fleire bygningar ligg i naustrekkjer, og vekk frå at dei ligg på meir avsidesliggjande stader.

Analysen rundt “Korleis har samspelet vore mellom materialitet og menneskeleg praksis?” viser at utviklinga først og fremst har gått mot større bygningar med meir opphaldsplass. Dei fleste nye bygningane har òg fått eit mindre direkte forhold til sjøen, med kaiar som skaper avstand og utan nokon tydeleg veg å få båtar og last på land. Dei bygningane som viser tydelege teikn på ikkje å bli brukt, ligg ofte i mindre sentrale område, medan bygningar som har forsvunne heilt gjerne ligg i populære hamner med mykje utbygging, der dei har blitt erstatta av nye og større bygningar.

Svaret på “Korleis har dei lokale og regionale samfunnsendringane påverka sjøbruksbygningane?” er at det har vore ei tydeleg endring vekk frå nytteformål og mot rekreasjon. Den lokale næringa har gradvis flytta seg vekk frå sjøen, og i dag driv nokre få med fiske i stor skala. Dei fleste jobbar ikkje i primærnæringane. Endringar i næringslivet på Vestlandet, då særleg framveksten av oljenæringa, har ført til generelt betre privatøkonomi. Mange har råd til feriebustader, og desse ligg ofte til sjøen. Sjøbruksbygningane har blitt større og meir prega av rekreasjon. Dei har referansar til tidlegare utforming med brukselement, utan at desse nødvendigvis har nokon funksjon i dag. Strandlinja har blitt meir

populær, og det har blitt eit teikn på status å eige store og flotte bygningar ved sjøen. Moderne båtar toler å stå ute meir, og er ofte for store til å ha inne i naust. Det er difor mindre relevant å bruke naust som “båtgarasjar” enn før. Bilen har ført til at færre bur langs sjøen, men samstundes at det er lettare for folk å komme seg til område langs sjøen som dei ikkje bur nær og nytte desse områda til rekreasjon. Strandlinja er attraktiv, men ikkje livsviktig.

Mange sjøbruksbygningar følgjer ikkje desse trendane. Det vert bygd nye naust i gammal stil, og eldre sjøbruksbygningar vert framleis brukt og tekne vare på. Særleg ei kulturminneforvaltning som dei siste åra har fokusert meir på kysten sin kulturarv kan medverke til at eldre bygningar overlever og vert brukt på tradisjonelle måtar. Mange langs kysten har små naust, ein liten båt, og driv med litt fiske. Det er mange nye og gamle sjøbruksbygningar som ikkje passar inn i dei utviklingstrekka eg har vist her. Den eldre kystkulturen lever vidare på mange måtar, inkludert i den nye, rekreasjonsbaserte byggeskikken si utforming og referansar til tidlegare tiders sjøbruk. For mange av dei moderne bygningane langs sjøen, er det nok å strekke definisjonen litt langt å kalle desse for “bruksbygningar”. Sjølv om ikkje alle bygningane passar inn i denne utviklinga, er det likevel klare tendensar å finne, mot store rekreasjonsbygningar og vekk frå små bruksbygningar.



# Litteraturliste

Alvesson, Mats, Dan Kärreman. "Fieldwork Techniques and Mystery Creation." I *Qualitative Research and Theory Development: Mystery as Method*. London: SAGE Publications, 2011.

Andersen, Gisle. "Teoretisk rammeverk, metode og empiri." I *Parlamentets natur: Utviklingen av norsk miljø- og petroleumpolitikk (1945-2013)*. Oslo: Universitetsforlaget, 2017.

Appadurai, Arjun. *The Social Life of Things: Commodities in Cultural Perspective*. Cambridge: Cambridge University Press, 1986.

Arisholm, Torstein. " 'Just in time' ." i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, redigert av Else Sprossa Rønnevig. 155-165. Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018.

Armstrong-Fumero, Fernando. "Artifactual Surface and the Limits of Inclusion: Blurring the Boundary Between Materiality and Intangible Heritage." *Anthropological Quarterly* 91, no. 4 (2018): 1303-1328.

Binnenkade, Alexandra, Felicitas Macgilchrist. "Materiality." I *Trickbox of Memory: Essays on Power and Disorderly Pasts*. Redigert av Macgilchrist Felicitas og Metro Rosalie. 41-64. Goleta: Punctum Books, 2020.

Brannen, Julia. "Working Qualitatively and Quantitatively." I *Qualitative Research Practice*, redigert av Clive Seale et al. 282-296. London: SAGE Publications, 2004.

Brochmann, Odd. *Bygget i Norge: Fra vikingtid til borgerhus*, Bind 1. Oslo: Andresen & Butenschøn, 2003.

Bukve, Oddbjørn, Arild Aurvåg Farsund, Jørgen Amdam. "Næringsliv og sysselsetjing i vår tid," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1. Redigert av Knut Helle. 296-339. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.

Burkhart, Anne. "Object Lessons: Thinking about Material Culture." *Art Education* 59, no. 2 (2006): 33-39.

Butler-Kisber, Lynn. "Photographic Inquiry." I *Qualitative Inquiry: Thematic, Narrative and Arts-Informed Perspectives*. London: SAGE Publications, 2010.

Bømlo commune. *Kulturminneplan: Kommunedelplan for kulturminne 2020 – 2032: Høyringsutkast*. Bømlo: Bømlo kommune: 2020.  
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kulturarv/kulturminneplanar/bomlo-kommune-kulturminneplan-hoyringsutkast-2020.pdf>.

Christensen, Arne Lie. *Den norske byggeskikken: Hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid*. Oslo: Pax Forlag, 1995.

Christensen, Arne Lie. *Det norske landskapet: Om landskap og landskapsforståelse i et kulturhistorisk perspektiv*. Oslo: Pax Forlag, 2002.

Christensen, Arne Lie. *Kunsten å bevare: Om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge*. Oslo: Pax, 2011.

Damsholt, Tine, Dorthe Gert Simonsen. "Materialiseringer: Processer, relationer og performativitet" I *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*. Redigert av Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst. 9-37. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020.

Erik Fossåskaret. "Vestlandssamfunnet i dag." I *Samfunn, Vestlandets historie 2*. Redigert av Knut Helle. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.

Ottar Grepstad. "Et sluttord om Vestlandet." I *Kultur, Vestlandets historie 3*. Redigert av Knut Helle. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.

Grier, Katherine C. "Culture Made Material." *American Literary History* 8, no. 3 (1996): 552-65.

Hansen, Trond J. *Naust: Sjøhusene langs kysten*. Bryne: Jæren Forlag, 2018.

Halleraker, Sverre. *Tilbake til røtene: Livet i Sveio-bygdene på 1800-talet*. Haugesund: Sverre Halleraker, 2012.

Hauge, Leif, Ingvild Austad, Marie Pettersson. "Kulturlandskap på dagsordenen." *Heimen* 49, no. 3 (2012): 219-30.

Have, Paul ten. "Ethnography and Field Methods." I *Understanding Qualitative Research and Ethnomethodology*. London: SAGE Publications, 2004.

Have, Paul ten. "Natural Documents." I *Understanding Qualitative Research and Ethnomethodology*. London: SAGE Publications, 2004.

- Holmen, Svein Harald. "Vardø Restored – Kulturminnearbeid mot alle odds." i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, redigert av Else Sprossa Rønnevig. 127-133. Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018.
- Hovland, Edgar. "Fra tynne tråder betongklosser," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1. Redigert av Knut Helle. 242-293. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.
- Jensen, Marit Adelsten, Kjetil Monstad, Mons Kvamme. "Kulturlandskap på museum – Er det mulig i praksis? Utfordringer og erfaringer fra det freda kulturmiljøet Havrå." *Heimen* 49, no. 3 (2012): 319-32.
- Jespersen, Astrid, Torben Elgaard Jensen. "Tidens materialisering: Alment praktiserende lægers håndtering af tid." I *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*. Redigert av Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst. 175-201. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020.
- Karmøy kommune. *Naust, sjøhus, sjøbod, fritidsnaust og fritidsbolig: Politisk arbeidsdokument*. Karmøy: Karmøy kommune, 2012.  
<https://www.karmoy.kommune.no/dokumenter/2106961>.
- Knutsen, Paul. "Gjensyn Med Spørsmålet Om Metode." *Norsk Filosofisk Tidsskrift* 53, no. 4 (2018): 198-208.
- Kolle, Nils, Anders Haaland. "Den sjøvende landsdelen," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1. Redigert av Knut Helle. 132-185. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.
- Kulturminne i Sveio*. Sveio: Sveio kommune, 2016.
- Kystfolk: Sveibuar fortel om seg og sitt*. Haugesund: Sveio kystlag, 2010.
- Lovdata. "Lov om kulturminner [kulturminneloven]." Besøkt 12. juni, 2021. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>.
- Mordhorst, Camilla. "Museer, materialitet og tilstedevær." I *Materialiseringer: Nye perspektiver på materialitet og kulturanalyse*. Redigert av Tine Damsholt, Dorthe Gert Simonsen og Camilla Mordhorst. 117-142. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2020.
- Måren, Inger Elisabeth, Ole Reidar Vetaas. "Kulturlandskap i drastisk endring - Betragtninger i tid." *Naturen* 132, no. 4 (2008): 183-92.

Naguib, Saphinaz-Amal, Bjarne Rogan, red. *Materiell kultur & kulturens materialitet*. Oslo: Novus forlag, 2011.

Nasjonalbiblioteket. "Widerøes skråfotoarkiv." Besøkt 6. juni 2021.  
<https://www.nb.no/nbdigital/wideroe/>.

Nerheim, Gunnar. "Frigjort fra fjorden," i *Natur og næring*, Vestlandets historie 1. Redigert av Knut Helle. 188-239. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.

Pink, Sarah. "Visual Methods." I *Qualitative Research Practice*, redigert av Clive Seale et al. 361-377. London: SAGE Publications, 2004.

Regjeringen. "Norsk oljehistorie på 5 minutter." Sist endra 20. mars 2019.  
<https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/olje-og-gass/norsk-oljehistorie-pa-5-minutter/id440538/>.

Riksantikvaren. *Effekter av klimaendringer på kulturminner og kulturmiljø: Delrapport 3 fra prosjektet Effekter av klimaendringer på kulturminner og kulturmiljø*. Oslo: Riksantikvaren, 2010. [https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/175126/Klimaendringer\\_delrapport\\_3\\_RA.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/175126/Klimaendringer_delrapport_3_RA.pdf?sequence=1&isAllowed=y).

Riksantikvaren. *Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering*. Oslo: Riksantikvaren, 2013. <https://www.riksantikvaren.no/veileder/handbok-for-lokal-registrering-av-kulturminner-og-kulturmiljoer/>.

Riksantikvaren. "Kulturminne i kommunen." Sist endra 27. april 2021. <https://www.riksantikvaren.no/kik/>.

Riksantikvaren. "SEFRAK-registeret." Sist endra 2. november 2020.  
<https://www.riksantikvaren.no/les-om/sefrak/>.

Rudi, Odd Arne. " 'Lat andre sleppa til!' ." i *Hus til bry: Kulturarvens kår i Norge*, redigert av Else Sprossa Rønnevig. 167-173. Lillesand: Else Sprossa Rønnevig, 2018.

Scarpaci, Joseph L. "Material Culture and the Meaning of Objects." *Material Culture* 48, no. 1 (2016): 1-9.

Schlereth, Thomas J. "Material Culture Research and Historical Explanation." *The Public Historian* 7, no. 4 (1985): 21-36.

Seymour. Michael W., Peter R. Summerlin, "Evidence and Deception: A Historic Photo-Analysis Method for Landskap Studies." *Landscape Journal: Design, planning, and management of the land* 36, no. 2 (2017): 91-109.

Slottemo, Hilde. "Mening og materialitet i lokal tettstedsutvikling: Eksempler frå Lillestrøm og Strømmen på 1940- og 1950-tallet." 231-246. *Heimen* 50, no. 3 (2013).

Sveio kommune. *Klasse A – omsynssone for kulturminne*. Sveio: Sveio kommune, 2016. [https://www.sveio.kommune.no/\\_f/p1/ibc45cce1-feec-46f8-9c5f-804407c62669/vedlegg\\_2\\_kulturminne\\_1006.pdf](https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/ibc45cce1-feec-46f8-9c5f-804407c62669/vedlegg_2_kulturminne_1006.pdf).

Sveio kommune. *Planskildring til kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2023*. Sveio: Sveio kommune: 2011. [https://www.sveio.kommune.no/\\_f/p1/i745e1d96-6ed3-4d2e-93cc-0692dedea7f8/planskildring\\_kommuneplan\\_1006.pdf](https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/i745e1d96-6ed3-4d2e-93cc-0692dedea7f8/planskildring_kommuneplan_1006.pdf).

Swensen, Grete et al. *Landskap under press – Urbanisering og kulturminnevern: En studie med eksempler fra Nannestad og Stavanger*. Oslo: NIKU, 2004.

Winge, Jon. "Båtmaterialene." *Aftenposten*. Sist oppdatert 20. oktober 2011. <https://www.aftenposten.no/norge/i/IVVPo/baatmaterialene>.

Øye, Ingvild. "Landbruket i historisk lys." i *Natur og næring, Vestlandets historie 1*. Redigert av Knut Helle. 76-129. Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Utdjupande omgrepsforklaringar

### Bygningstypar

Eg nyttar ikkje offisielle definisjonar, men har definert dei ut frå dei distinksjonane som er viktige for meg å få fram. Eg har tatt utgangspunkt i Karmøy kommune sitt forslag til definisjonar av bygningskategoriar, som er tydelegare enn det meste andre eg har funne, og gjort nokre justeringar. Dei kommunale definisjonane er for regulering av bygningar, og er difor nokså snevre i kva som kjem innanfor kvar kategori, då desse gjeld nye bygningar. Sidan registreringane mine inneber svært varierte bygningar frå ulike periodar, har eg bruk for litt meir fleksible kategoriar.

Definisjonen deira av naust er: “Bygning til oppbevaring av båt. Uten vindu, med gavnl mot sjø. Tørr bygning. Maks 30 m<sup>2</sup>. Bygget skal alltid være plassert slik at man kan dra en båt inn i naustet. Dersom naustet ligger på vann, kan man kjøre båten inn i naustet.”<sup>195</sup> Dette er ein tydeleg definisjon som gjer det klart kva funksjon eit naust skal ha. Eg vil likevel opne for avvik frå dette i min definisjon av naust, i form av at nausta kan ha vindauge, då mange bygningar som elles passar inn i denne definisjonen har dette, og at dei ikkje nødvendigvis må ha gavlen mot sjøen, sjølv om dette er vanlegast. Berre relativt små bygningar er definerte som naust. Her har eg nytta mi personlege oppfatning form og storleik, men større bygningar er for det meste definerte som sjøhus. Det er heller ikkje alle nausta som har ein enkel og opplagt måte å få ein båt inn i det. Likevel, så lenge det er ein relativt liten bygning som er stor nok til å oppbevare ein liten båt i, som ikkje har meir enn eit lite loft oppe, og som har ein dørøpning som er eigna til å få båtar inn gjennom, reknar eg dette som naust.

Sjøhus vert definerte som “Hytte ved, på eller i sjøen. Kan også ha naust i 1. etasje. Vinduer, balkonger, brygger, våtrom, soverom, kjøkken mv. er tillatt. Maks 80/120 m<sup>2</sup>. Bebodd del av bygg må alltid ligge over farenivå for flom/havnivåstigning (2,5 m).”<sup>196</sup> Til mitt formål tek eg ikkje med bygningar langs sjøen som er reine hytter, då eg ikkje reknar desse som sjøbruksbygningar. Dei bygningane eg definerer som sjøhus, vert då bygningar som det er mogleg å få ein båt inn i, men som er større enn eit naust og har ein tilleggsfunksjon.

---

<sup>195</sup> *Naust, sjøhus, sjøbod, fritidsnaust og fritidsbolig: Politisk arbeidsdokument* (Karmøy: Karmøy kommune, 2012), <https://www.karmoy.kommune.no/dokumenter/2106961>, 15.

<sup>196</sup> Karmøy kommune, *Naust, sjøhus, sjøbod, fritidsnaust og fritidsbolig*, 16.



Tradisjonelt er sjøhus bygde slik at små båtar kan legge inntil.<sup>197</sup> Den vanlegaste tilleggfunksjonen er bustad eller hytte oppe, men kan òg vere bygningar med utvida oppbevaringsplass, verkstad eller liknande. Dersom bygningen har betydeleg større grunnflate og/eller fleire etasjar eller eit loft som er stort nok til å vere ein opphaldsstad, reknar eg dette som eit sjøhus. Sjøhus har gjerne hatt ulike funksjonar i ulike etasjar og delar av bygningen i ulike periodar. Sjøhuset “Sjøtun” i Buavåg har til dømes vore sildesalteri, bøkkarverkstad, bustad og butikk opp gjennom åra.<sup>198</sup>

Sjøbu (eller ‘sjøbod’), definerast som “Bygning til oppbevaring av båtutstyr. Båten er fortøyd utenfor, ev. med brygge. Lite vindu. Tørr bygning. Maks 30 m<sup>2</sup>. Bygget kan ligge høgere i terreng med brygge foran der båt fortøyes.”<sup>199</sup> Det viktige her er at sjøbuene er til oppbevaring av båtutstyr, men ikkje til båtar. Dei er generelt omtrent like store som naust, eller noko mindre. Eg tek òg med noko større bygningar dersom dei ser ut til å vere reine sjøbruksbygningar (ikkje bustader eller hytter), og ikkje har dør til båt. Større bygningar med bustad- eller hyttefunksjon, og utan båtdør, vert ikkje rekna med, då det ikkje er mogleg for meg som ein utanforståande å definere om delar av bygningen har sjøbruksfunksjonar. I tillegg har eg laga ein underkategori av sjøbuer, som eg har kalla ‘reidskapshus’. Desse er heller ikkje laga for oppbevaring av båt, og er for små til å vere opphaldsstader. Dei fleste sjøbruksbygningane som står i dag er plasserte inn i ein av desse kategoriane, med nokre unntak for mindre talrike kategoriar som ikkje har fått plass i denne diskusjonen, til dømes *notahus*. Ruinar har vert noko vanskelegare å kategorisere, då eg ikkje kan vite sikkert korleis bygningen har sett ut.

### **Forhold til sjøen**

Eg har definert tre kategoriar som eg meiner tydeleg gjengjev forholdet mellom bygning og sjø, og båtar sine rørsler mellom dei to: Båttø, kai og kant. Ei båttø er eit skrått område som bind saman sjøbruksbygningen og sjøen og som er tilrettelagt for å dra båtar opp frå sjøen. Hansen skildrar båttøa som ein “landingsplass for båten” og “veien mellom naustet og sjøen.” Ho var sentral for at folk i tidlegare tider i det heile tatt kunne komme seg ut på sjøen.<sup>200</sup> Båttøer er først å fremst å finne på stader kor det er grunt nok inne ved land til å kunne bygge ein “bakke” ned i sjøen. Kategoriseringa ‘kai’ vi seie at det ligg ein kai, ei brygge, eller eit anna flatt område mellom bygningen og sjøen. Dette treng ikkje å vere eit

---

<sup>197</sup> Christensen, *Den norske byggeskikken*, 114.

<sup>198</sup> *Kulturminne i Sveio*, 73.

<sup>199</sup> Karmøy kommune, *Naust, sjøhus, sjøbod, fritidsnaust og fritidsbolig*, 15.

<sup>200</sup> Hansen, *Naust*, 16-17.

stort område, men så lenge det er mogleg å gå på sjøsida av bygningen, og bygningen ikkje har båtstø, er det kategorisert som kai. Hovudpoenget er at det er at det er eit område som skil bygningen og sjøen frå kvarandre, utan nokon enkel stad å få ein båt opp utan andre hjelpemidlar. 'Kant' vil seie at bygningen ligg heilt inntil sjøen, og ikkje har båtstø, slik at det er ein kant rett ned mot sjøen utanfor bygningsdøra til sjøen. Dette finst truleg ofte på stader kor det er for djupt eller elles ikkje praktisk mogleg å ha båtstø, men kor ein vil kunne gå nærast mogleg inntil bygningen med båt. Dette er òg vanleg for sjøhus og sjøbuer der ein skal inn med last og utstyr, men ikkje båt. Døra ligg alltid litt høgare oppe enn sjøen på grunn av bølger, flo og fjære.

## Vedlegg 2: Liste over sjøbruksbygningar

Gards- og bruksnummer og stadnamn er fjerna frå lista for å gjere funna meir anonyme. Lista inneheld mykje informasjon som ikkje fekk plass i analysen. For å få plass til all den viktigaste informasjonen og gjere han mest mogleg leseleg i dette formatet, er delar av tilleggsinformasjonen kutta vekk.

Fargekode:

SEFRAK-registrert (frå før 1900)    Frå før 1970    Frå Etter 1970    Ruin

Bygning frå før 1970 har blitt erstatta med ny bygning etter 1970

Type	År bygd	Før 1970?	Bruki 1970	Bruki dag	Endra bruk?	Stand	Geografi	Miljø	Forhold til sjøen	Side mot sjøen	Opning mot sjøen	Heise-mekanisme	Vindauge	Etasjar/tillegg	Storleik	Materiale	Tak	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	våg/poll	tun	tilbaketr	gavl	ja	ja	-	ja	-	lite	tre	panner
Naust	før 1970/et	erstatta	naust	naust	ny bygd	god	våg/poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	lite	betong	bølgeblikk	
Sjøbu	2017-2019	nei	-	sjøbu	-	veldig god	våg/poll	liten grupp	kai	gavl	nei	nei	-	-	lite	tre	torv	
Ruin a/	før 1970	ja	ruin	ruin	ruin	ingen spor	våg/poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	lite			
Sjøhus	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	våg/poll	liten grupp	kai	gavl	ja	ja	vindehus	ja	2 etg	middels	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	våg/poll	liten grupp	kai	gavl	ja	ja	vindehus	ja	loft	l-m	tre	panner
Ruin a/	før 1970	ja	ruin	ruin	ruin	ingen spor	våg/poll	liten grupp	båtstø	langsi	ja	ja	-	-	lite			
Naust	2010-2013	nei	-	naust	-	veldig god	poll	tun	kai	gavl	ja	ja	vindehus	ja	2 etg	l-m	tre	panner
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Ruin a/	før 1970	ja	ruin	ruin	ruin	ingen spor	poll	tun										
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veldig god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	tre	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	poll	byggefelt	kai	gavl	ja	ja	kaikran	-	-	lite	tre	
Ruin a/	1800-1	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	poll	byggefelt										
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	veldig god	poll	byggefelt	kai		ja	nei	-	-	-	middels	betong	takpapp
Sjøhus	før 1970	ja	sjøhus	sjøhus	påbygd	veldig god	øy/poll	øy/tun	kant	gavl	ja	ja	-	ja	3 etg	stort	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veldig god	poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner
Naust	2010-2013	nei	-	naust	-	god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	middels	tre	panner
Ruin a/	1800-talet	ja	ruin	ruin	ruin	ingen spor	poll	tun										
Naust	før 1970	ja	naust	naust	påbygd	veldig god	poll	tun	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	stein	panner
Ruin a/	1970-2004	nei	-	ruin	ruin	ruin	poll	laus grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite		
Ruin a/	før 1970	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	poll	laus grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite		
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veldig god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	vindehus	ja	loft	m-s	tre	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg	lite	tre	bølgeblikk
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	poll	tun	steinrøy	langsi	nei	ja	-	-	-	lite	tre	panner
Naust	før 1900	ja	ruin	naust	gjenop	god	poll	laus grupp	båtstø	langsi	nei	ja	-	-	-	lite	stein	bølgeblikk
Naust	før 1900	ja	naust	naust	nei	god	poll	laus grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	-	lite	stein	heller
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	god	poll	tun	kant	langsi	nei	nei	-	-	-	skur	tre	
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	god	poll	tun	kant	langsi	nei	nei	-	-	-	skur	tre	
Naust	1900-1957	ja	naust	naust	nei	god	poll	tun	kant	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	takpapp



Naust	1900-57/15	erstatta	naust	naust	ny bygt	god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	middels	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	poll	tun	kai	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre		
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	anneks o	l-m	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	middels	poll	tun/sjøbru	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	god	poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Ruin a	1800-talet	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	stein		
Naust	1800-4	ja	naust	naust	nei	middels	poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	eldre del:	poll	liten grupp	kant	gavl	ja	ja	-	-	Innreia i	middels	tre	bølgeblikk	
Naust	1800-4	ja	naust	ruin/n	nei	dårlig	poll	liten grupp	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	l-m	stein		
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	veidig god	nes/poll	tun	kant	gavl	ja	ja	-	ja	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	veidig god	vik/poll	tun	kai	gavl	ja	ja	kaikran	-	-	l-m	tre	skifer	
Naust	2004-2010	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	sjøbruksm	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	middels	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	god	vik/poll	sjøbruksm	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	l-m	murstein	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	middels	tre	panner	
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	middels	vik/poll	sjøbruksm	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	murstein/	bølgeblikk	
Ruin a	før 1970	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	vik/poll	sjøbruksm	båtstø	langs	ja	ja	-	-	-	-	-		
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	middels	vik/poll	tun/sjøbru	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	2etg-låve	stort	tre	bølgeblikk	
Sjøhus	2010-2013	nei	-	sjøhytt	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	terrasse	-	ja	3 etg	stort	tre	panner	
Sjøhus	2010-2013	nei	-	sjøhytt	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	terrasse	-	ja	3 etg	stort	tre	panner	
Sjøhus	1970-2004	nei	-	sjøhus	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran/vind	ja	leiligheit	stort	tre	panner	
Sjøhus	1970-2004	nei	-	sjøhus	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran/vind	ja	leiligheit	stort	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	-	l-m	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	-	l-m	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	-	l-m	tre	panner	
Naust	2013-2016	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	naustrekke	kai	gavl	ja	ja	-	ja	loft	middels	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	tun	båtgars	gavl	ja	opning	-	ja	loft med	middels	tre	skifer	
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	god	vik/poll	tun	kai	langs	nei	nei	-	-	-	skur	tre	skifer	
Sjøhus	før 1970/et	erstatta	naust	sjøhus	ny, stø	veidig god	vik/poll	tun	kai	gavl	ja	ja	kaikran/vind	ja	stort loft	stort	tre	panner	
Naust	før 1970/et	erstatta	naust	naust	ny bygt	veidig god	vik/poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	vindehus	ja	loft	l-m	tre	skifer	
Naust	2002-2004	nei	-	naust	-	veidig god	poll	tun	kai	gavl	ja	ja	kaikran/vind	ja	loft	middels	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	poll	tun	kai	langs	ja	ja	-	ja	loft	middels	tre	panner	
Ruin a	før 1970	ja	naust	ruin	ruin	ruin	vik/poll	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	stein		
Naust	før 1970	ja	naust	naust	nei	middels	vik/poll	tun	båtstø	langs	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Reisk	2004-2009	nei	-	reiskap	-	god	straum	tun	tilbaketr	N/A	nei	nei	-	-	-	skur	tre		
Ruin a	før 1970	ja	naust	ruin	ruin	ingen spor	straum	tun	kai	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre		
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	god	straum	tun	kai	gavl	ja	nei	-	-	-	skur	tre	takpapp	
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	god	straum	tun	kai	gavl	ja	nei	-	-	-	lite	tre	takpapp	
Sjøhus	1800-2	ja	sjøhus	sjøhus	nei	god	straum	tun	kai (var t	gavl	ja	ja	-	-	3 etg	stort	stein/tre	bølgeblikk	
Sjøhus	2004-2009	nei	-	sjøhus	-	veidig god	straum	tun	kai	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg + l	stort	tre	panner	
Ruin a	før 1970	ja	naust	ruin	ruin	ingen spor	straum	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite			
Sjøhus	før 1970/20	erstatta	naust	sjøhus	ny bygt	veidig god	straum	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	vindehus	ja	2 etg	middels	betong/tre	panner	
Sjøhus	2009-2010	nei	-	sjøhus	-	veidig god	straum	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	-	ja	3 etg	middels	betong/tre	panner	
Sjøhus	1970-2004	nei	-	sjøhus	-	veidig god	straum	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	-	ja	2/3 etg	middels	tre	panner	
Sjøhus	før 1970	ja	sjøhus	sjøhus	nei	god	straum	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	-	ja	3 etg	m-s	betong/tre	eternit	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	straum	sjøbruksm	båtstø	langs	ja	(liten	ja	-	ja	2 etg	middels	tre	panner
Sjøhus	før 1970/20	erstatta	sjøhus	sjøhus	ny bygt	veidig god	straum	sjøbruksm	kai	langs	ja	ja	-	ja	2 etg	middels	betong/tre	panner	
Ruin a	1800-talet	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	straum	sjøbruksm	båtstø	langs	nei	ja	-	-	-	l-m			
Ruin a	1800-talet	ja	ruin	ruin	ruin	ruin	straum	sjøbruksm	båtstø	langs	nei	ja	-	-	-	l-m			
Sjøbu	1970-2004	nei	-	sjøbu	-	veidig god	straum	tun	kai	gavl	ja	nei	vindehus	ja	2 etg	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	før 1970/20	erstatta	naust	naust	ny bygt	veidig god	straum	tun	kai	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg	l-m	tre	panner	
Sjøhus	1970-2004	nei	-	sjøhus	-	veidig god	straum	tun	kai	gavl	lita dør	ja	-	ja	2 etg	middels	betong/tre	panner	
Naust	før 1970/15	erstatta	ruin	naust	gjenop	god	straum	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	stein	eternit	
Naust	1800-1/e70	erstatta	naust	naust	ny bygt	veidig god	straum	tun	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	stein	panner	
Sjøhus	1800-talet	ja	sjøhus	sjøhus	gjenop	veidig god	straum	tun	båtstø	langs	ja	ja	-	ja	2 etg	stort	tre	skifer	
Ruin a	1800-1	ja	sjøhus	ruin	ruin	ruin	våg	enkeltstaa	kant	gavl	ja	ja	vindehus	-	-	stort			
Naust	2010-2016	nei	-	naust	-	veidig god	våg	tun	kai/kant	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	panner	
Sjøhus	1970-2004	nei	-	naust	-	god	våg	liten grupp	kai	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg	m-s	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	våg	liten grupp	kai	gavl	ja	ja	vindehus	ja	loft	l-m	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	tun	kai	gavl	ja	ja	kaikran	ja	loft	l-m	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	poll	tun/sjøbru	kai	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	tre	panner	
Naust	2010-2013	nei	-	naust	-	veidig god	poll	tun/sjøbru	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg	l-m	tre	panner	
Sjøhus	før 1970	ja	sjøhus	sjøhus	nei	veidig god	poll	tun/sjøbru	båtstø	gavl	ja	ja	-	ja	2 etg	middels	tre	panner	
Sjøbu	før 1970	ja	naust	sjøbu	ja	veidig god	poll	tun/sjøbru	kai	gavl	nei	nei	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	poll	tun/sjøbru	båtstø	langs	ja	ja	-	ja	loft	l-m	tre	panner	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	tun	kai	gavl	ja	ja	-	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	veidig god	vik/poll	tun/sjøbru	kai/båtst	gavl	ja	ja	kaikran	-	-	lite	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	vik/poll	tun/sjøbru	kai	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	tre	bølgeblikk	
Naust	1970-2004	nei	-	naust	-	god	vik/poll	sjøbruksm	kai	gavl	ja	ja	-	ja	loft	l-m	tre	panner	
